

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for næring, kultur og idrett
Møtestad: Thorseth-garden
Dato: 23.05.2016
Tid: 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Møtet startar med synfaring på Jensholmen. Oppmøte på Jensholmen kl. 16:00.

Fosnavåg, 13.05.2016

Stig Arne Helsem Sævik
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 21/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 22/16	Protokoll frå førre møte
PS 23/16	Utkast til alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2020
PS 24/16	Prosjekt 61508 - Herøy kulturhus og idrettshall - byggeprogram
PS 25/16	Einedalen skule - Byggeprogram for idrettshall, fleirbrukshall
PS 26/16	Pen og Ragnar Thorseth. Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond.
PS 27/16	Søknad om RDA-midlar. Bergsøy IL. Fleirbrukshall.
PS 28/16	Søknad om RDA-midlar. Uthus Indre Herøy Sokn.
PS 29/16	Søknad om RDA-midlar. Kyrkjelydshus for Leikanger sokn.
PS 30/16	Søknad om RDA-midlar. Kyrkjekjellar Herøy kyrkje.
PS 31/16	Søknad om RDA-midlar. Handicaptoalett Bø og Sande bedehus.
PS 32/16	Søknad om RDA-midlar. Kjøkken Frøystad bedehus.
PS 33/16	Søknad om RDA-midlar. Jubileumsavis Herøyspelet.
PS 34/16	Søknad om RDA-midlar. Pirfestivalen 2016.
PS 35/16	Søknad om RDA-midlar. Fosnavåg veka 2016.
PS 36/16	Søknad om RDA-midlar. Herøy Sogelag. Skotholmen.
PS 37/16	Søknad om RDA-midlar. Moltustranda grendahus.
PS 38/16	Søknad om RDA-midlar. Bergshaugen Velforening
PS 39/16	Søknad om RDA-midlar. Fosnavåg Rock 2016.

PS 40/16	Søknad om RDA-midler. Sætrevegen.
PS 41/16	Søknad om RDA-midler. Sunnmørsjekta Anna Olava.
PS 42/16	Søknad om RDA- midlar. Jensholmen Nord.
PS 43/16	Søknad om omdisponering av RDA-midler.

PS 21/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 22/16 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Serviceorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr:	2016/381
		Arkiv:	U60

Utdvalsaksnr	Utdval	Møtedato
13/16	Eldrerådet	11.04.2016
14/16	Komite for Helse og omsorg	21.04.2016
23/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

UTKAST TIL ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN 2016-2020

Møtebehandling:

Serviceorgetleiar Wenche Moltu orienterte i saka.

Samrøystes vedtak i Komite for Helse og omsorg - 21.04.2016

Komite for helse og omsorg har ikkje merknader til planen.

Når kommunedelplanen for alkoholpolitisk handlingsplan vert vedteken vil dette verte løyvedelen av den.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Eldrerådet meiner det er ein god plan.

Tilråding i Eldrerådet - 11.04.2016

Planen er teken til vitande. Det er ikkje merknader til planen.

Tilråding:

Planen er teken til vitande. Det er ikkje merknader til planen.

Særutskrift: Servicetorget

Vedlegg:

Vedlegg

1 Alkoholpolitisk plan - utkast.docx

Saksopplysningar:

Kommunen skal ha ein alkoholpolitisk handlingsplan (alkohollova §1-7 d). Planen skal sette rammer for dei sal- og skjenkeløyva som vert tildelt i kommunen.

Formålet med planen er å regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Det er gjort endringar i lovverket. Endringane er blant anna planperioden som no vert gjeldande frå september 2016- september 2020. I tillegg er det no nasjonalt prikkbelastningssystem for brot på lovverket. Endringane i lovverket er innarbeida i planen.

Utkast til ny plan er eit interkommunalt samarbeid i 7-stjerna der det er lagt vekt på lik skjenketid, like konseptavgrensingar, gebyr, m.m

For Herøy kommune vil dette verte ein innskrenking av skjenketidene i forhold til tidlegare.

Før planen går til politisk behandling i formannskap og kommunestyre ønskjer ein planen ut til høyring.

Utkast til ny plan er:

- Sendt sal- og skjenkestadane i kommunen
- Sendt politiet
- Sendt avdeling for barn, familie og helse
- lagt på kommunen si nettside
- og lagt fram for
 - ungdomsrådet,
 - eldrerådet,
 - komite for helse og omsorg,
 - komite for næring, kultur og idrett

Vurdering og konklusjon: (skal slettast om saka ikkje har konsekvensar for....)**Konsekvensar for folkehelse:**

Formålet med alkohollova er å avgrense i størst mogleg grad dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan medføre. Planen er eit viktig verktøy for

å sette rammer for tildeling av løyve og nå lova sine mål. I tillegg vil lik plan i dei ulike kommunane gi like rammevilkår for næringa.

Konsekvensar for beredskap: Ingen

Konsekvensar for drift: Ingen

Fosnavåg, 16.03.2016


Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Wenche Moltu
Avd.leiar

Sakshandsamar: Wenche Moltu

ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN

2016 – 2020



Høyringsfrist : 01.05.2016

1 Formål løyvepolitikk

Kommunen skal regulere omsetting av alkohol, slik at ein i størst mogleg grad avgrensar samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan medføre, derimellom avgrense forbruk av alkoholhaldige drikkevarer i lokalsamfunnet.

Det er særleg tenleg med:

- Felles retningslinjer for sals - og skjenketider av omsyn til mellom anna trafikktryggleik i helgane og like vilkår i bransjen i heile regionen.
- Felles kontrollorgan, eller at kontrollorgana har felles praksis når det gjeld frekvens av kontrollar.
- Lik praksis for reaksjonar på brot på alkohollova.
- Gjere vedtak i samsvar med gjeldande lovverk og gjeldande plan
- Opplæring av løyvehavarar

Løyvepolitikken er også viktig med omsyn til folkehelsa. Dette vil særleg gjelde kommunen sin politikk med omsyn til skjenketider og tilgjenge til alkohol. Kommunen må elles legge til rette for rusfrie soner.

2. Handsaming av søknader om sals- og skjenkeløyve

Kommunen er ansvarleg for den utøvande løyvepolitikken, og for kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkoholovgjevinga som til ei kvar tid gjeld.

Løyveperioden er inntil 4 år og skal kan vare til 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre. Dette gjer at:

1. Gjeldande løyve vert vidareført til 30.09.2016
2. Nye løyve etter gjeldande plan vert for perioden 01.10.2016- 30.09.2020

Vedtak vert gjort etter reglane i alkohollova med forskrifter, forvaltningslova og delegasjonsreglementet i kommunen.

Sakshandsamarane i samarbeidskommunane skal ha jamlege samarbeidsmøte for å drøfte/samordne ulike problemstillingar i høve dette.

3. Gruppeinndeling alkoholhaldig drikk

Alkoholfri drikk	Under 0,7 %
Alkoholsvak drikk	0,7%- 2,5 %
Gruppe 1	Over 2,5 % - høgast 4,7%
Gruppe 2	Over 4,7 % - høgast 22 %
Gruppe 3	Over 22 % - høgast 60 %

4. Tildeling av alminneleg skjenkeløyve

Kommunen ser det ikkje som tenleg å sette tak for talet på skjenkeløyve. Kommunen tildeler løyve etter lov- og planverk.

4.1 Konsept

Det vert ikkje gitt alminneleg løyve:

- Frisørsalongar/hudpleiesalongar/butikkar og liknanda konsept
- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Undervisningsbygg
- Mosjon- og Idrettsarenaer
- Konditori
- Galleri og utstillingar
- Kulturbygg- og grendehus
- Campingsplasser
- Soner som elles vert rekna som rusfrie
- Bensinstasjonar
- Kioskar
- Arenaer som elles vert rekna som rusfrie

Det skal førast ein restrektiv line til nye konsept.

4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve

Normal skjenketid:

- **varegruppe 1 og 2** skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- **varegruppe 3** skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- Driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- Det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
- Skjenketida for uteareal er avgrensa til kl 24.00 alle dagar. Skjenketida kan i einiskilde høve utvidast etter søknad.
- For skjenkestadar som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida setjast lik skjenketida innandørs.
- Det kan gjevast skjenkeløyve for varegruppe 3 på uteareal.
- Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikke må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut, dette gjeld ikkje uteareal der alkohol må takast med inn i skjenkelokalet

4.3 Vilkår for å få skjenkeløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve.

Desse er:

- Skjenkestaden skal delta på første mulige kurs, ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.
- Internkontrollrutiner skal innleverast til kommunen seinast 1 mnd etter vedtak er gjort
- Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet.

5. Alminneleg løyve ved einskildhøve.

Desse løyva vert tildelt einskildarrangement i inntil 5 dg.

Konsept det ikkje vert gitt løyve til:

- Arrangement som er retta imot barn og unge
- Undervisningsbygg
- Campingsplasser
- Soner som elles vert rekna som rusfrie som symjehallar, skisenter, ungdomsklubber og idrettsarenar i samband med idrettsarrangement
- Bensinstasjonar/gatekjøkken/kioskar og liknade konsept

5.1 Skjenketider einskildhøve

Normal skjenketid vert som for alminneleg løyve (jf 4.2), men løyve for varegruppe 3 vert kun gitt til arrangement retta imot matservering.

5.2 Vilkår

Kommunen kan sette vilkår ved arrangement og normalt vil dette vere knytt til vakthald under arrangement, løyve til bruk av bygg/areal og tryggleik.

6. Ambulerande skjenkeløyve

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til deltakarar i slutta lag. Med slutta lag meiner ein at det allereie før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av personar som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Eit slikt løyve kan omfatte øl, vin og brennevin.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, Jfr. pnkt 4.2

7. Tildeling av salsløyve

Det vert ikkje sett tak på salsløyve i kommunen. Løyve kan verte gitt til daglegvare-butikkar og gjeld varegruppe 1.

7.1. Salstider

Kvardagar	kl 09.00 og kl 20.00
Laurdag og dagar før heilagdagar	kl 09.00 og kl 18.00

Alkoholhaldige varer skal vere betalte innan salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa.

7.2 Vilkår salsløyve

Kommunen kan sette vilkår for løyva i tillegg til dei krav lovverket krev. Det vert vurdert å sette eit eller fleire vilkår for løyve.

Desse er:

- Salstadane skal delta på første mulige kurs, ansvarleg sal, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.
- Internkontrollrutiner skal innleverast til kommunen seinast 1 mnd etter vedtak er gjort

8. Kontroll med sals- og skjenkestader

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og salsløyva.

Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Kontrollane skal til ei kvar tid gjennomførast i samsvar med kravspesifikasjon og eventuelle pålegg gitt av kommunen. Kontrollane skal utførast i nært samarbeid med kontaktpersonen i kvar kommune. Talet på kontrollar for sals- og skjenkekontrollar skal vere i samsvar med forskrifta, § 9.7.

Kontrollplan skjenkestadane:

- 2/3 av kontrollane skal skje fredag og laurdag frå kl. 23.00 og fram til stengetid.
- Halvparten av desse skal skje ved skjenkestaden si stengetid.
- Det skal berre førast kontroll med 2 skjenkestadar pr. kveld i kommunen.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

Kontrollplan salsstadane:

- Kontrollen bør skje i slutten av salstida og då primært torsdag, fredag og laurdag.
- Maks kontroll er 3 butikkar pr. kontrolldag.
- Kontrollane skal vere jamt fordelt utover året.

8.2 Reaksjonar på brot på alkohollova

Det er kome nasjonale retningsliner for brot på alkohollova som vert nytta ved brot. Jf vedlegg.

9.Sals- og skjenkegebyr

Sal og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Sakhandsamingsgebyr ved søknad om alminneleg løyve til einskildarrangement vert sett til kr. 1000,-.

Vedlegg: Reaksjonar ved brot på alkohollova

Prikkar	Regelbrot
8	Sal og skjenking til mindreårige
	Brot på bistandsplikta
	Brot på kravet om forsvarleg drift
	Hindring av kontroll
4	Sal og skjenking til openbart påvirka person
	Brot på på reglane om sals- og skjenketid
	Skjenking av alkoholhaldig drikk over 22 volumprosent til person mellom 18 og 20 år
	Brot på alderskrav for den som sel eller skjenkar alkoholhaldig drikk
2	Openbart påvirka person i lokalet
	Manglar ved internkontrollsystemet
	Konsum av medbrakt alkohol
	Gjestar tek med alkohol ut av skjenkearealet
	Manglende levering av omsetningsoppgåve og betaling av gebyr
	Brot på reglar om styrar og stadfortredar
	Brot på reklameforbodet
1	Diverse mindre brudd som:
	Brot på reglane om alkoholfrie alternativ
	Brot på reglane om plassering av alkoholhaldig drikk på salsstad
	Brot på reglane om skjenkemengd for brennevin
	Brot på vilkår sett i vedtaket om løyve m.m.

Dersom løyvehavar vert tildelt til saman 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, skal løyvet inndragast i 1 veke. Dersom det i løpet av toårsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal lengda på inndraginga aukast tilsvarande.

Tidspunktet for første regelbrotet skal leggst til grunn for utrekning av toårsperioden.

Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden. Ved overdraging av verksemd startar ny periode på overdragingstidspunktet.

Likearta brot avdekt ved same kontroll skal vurderast som eitt enkelt brot.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2016/647
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Eldrerådet	25.05.2016
24/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016
	Komite for oppvekst	24.05.2016
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

PROSJEKT 61508 - HERØY KULTURHUS OG IDRETTSHALL - BYGGEPROGRAM

Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Herøy kulturhus og idrettshall, utbyggingsalternativ 1.
2. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.
3. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga

Kulturavdelinga

Skuleavdelinga

Økonomiavdelinga

Ungdomsrådet

Eldrerådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Hovudverneombodet

Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 61508 – Herøy kulturhus og idrettshall – byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 61508 – Herøy kulturhus og idrettshall.

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:

- *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
- *Herøy ressurscenter*
- *Nedre Dragsund 2*
- *Bergsøy skule*
- *Fosnavåg driftsbasis*
- *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for Herøy kulturhus og idrettshall fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasen	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasen og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfasen, anbudsfasen, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

Prosjekt 61508 - Herøy kulturhus og idrettshall

Byggeprogrammet for Herøy kulturhus og idrettshall omhandlar både rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, ombygging og tilbygg for nye brukarbehov.

Herøy kommune har fått eit nytt konserthus i sentrum som har utvikla seg til ei hovudbase for kommersiell kultur og kino i kommunen. Samstundes ligg Herøy kulturhus og idrettshall midt i eit kraftsentrum for idrett og kulturliv, oppvekst, utdanning og frivilleghet. Bygningsmasse har byrja å merke tidens tann samstundes som brukarane sitt behov endrar seg.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med kulturavdelinga og skuleavdelinga, herunder arrangementsleiar og leiarane for biblioteket, kulturskulen, frivillegsentral og verneombod for dei tilsette.

Byggeprogrammet er utarbeida i to alternativ:

Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativ 1 omhandlar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, herunder eit tilbygg for folkebibliotek og frivillegsentral og eit tilbygg for kulturskulen.

Tilbygg for folkebiblioteket byggjer på det forprosjekt som vart utarbeida i 2008 og 2010, i samband med utbygginga av Sunnmørsbadet Fosnavåg. Tilbygget føreslås difor etablert i området mellom hovudinngangen til Kulturhuset og hovudinngangen til Sunnmørsbadet for dermed å bidra til at desse to funksjonane vert bunde saman til eit nytt møtepunkt mellom ulike brukargrupper samstundes som bibliotekfunksjonen vert løfta opp og fram. Ideen er ikkje ny, men kulturavdelinga har meldt inn eit større arealbehov enn det tidlegare forprosjekt byggjer på. Dette skuldast dels at ein ynskjer Frivillegsentralen inn i tilbygget for biblioteket, men like mykje at krava og forventningane til kva eit bibliotek skal vere i framtida har endra seg.

Administrasjonen har ved utarbeidinga av byggeprogrammet vurdert alternative løysingar for framtidens kulturskule. Etter drøftingar har ein imidlertid konkludert med at kulturskulen fortsatt skal halde til ved kulturhuset og peikar i den samanheng særleg på det mangfald kulturhusområdet kan tilby for brukargrupper i ulik alder og med ulikt interessefelt og det potensial dette inneber for kulturskulen. Dei eksisterande lokala har derimot aldri samsvar med kulturskulens sin ambisjon og potensial. Kulturskulen peikar i den samanheng særleg på behovet for areal med stor takhøgde til dans og samspel. Utbyggingsalternativ 1 inneber såleis at der vert etablert eit tilbygg i forlenginga av dagens festssal og at eksisterande lokale for biblioteket vert bygt om til areal for visuell kunst, kostymeverkstad, foto & videoverkstad og lager.

Utbyggingsalternativ 2

Utbyggingsalternativ 2 omhandlar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, herunder eit tilbygg for folkebibliotek og frivillegsentral.

Tilbygg for folkebiblioteket og frivillegsentral samsvarar med det tilbygg som er foreslått under utbyggingsalternativ 1 ovanfor. For kulturskulens del inneber utbyggingsalternativ 2 at kulturskulen – etter naudsynt ombygging - overtek eksisterande lokale for biblioteket. Eksisterande bygningskropp begrensar i samband med dette moglegheitene for ombygging i samsvar med kulturskulens krav.

Vidare prosess

Eigedomsavdelinga har ikkje hatt kapasitet til å kalkulere utbyggingskostnaden for dei ulike utbyggingsalternativ i byggeprogrammet. Avdelinga rår difor til at byggeprogrammet vert fremma til ny handsaming i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen for 2017-2020 saman med kvalitetssikra budsjettkalkyle for det utbyggingsalternativ kommunestyret vel ved handsaming av denne sak.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Herøy kulturhus og idrettshall, utbyggingsalternativ 1.

Herøy kulturhus og idrettshall kan og bør ha ein vesentleg funksjon for Herøy i framtida. Etableringa av Fosnavåg konserthus og kino endrar ikkje dette. Sentralt plassert midt i eit område for idrett og kultur, frivillegheit, utdanning og oppvekst har kommunen potensial til å vidareutvikle kulturhuset som senter for alle desse aktivitetane.

Biblioteket har ei vesentleg rolle i den samanheng, som eit moderne folkebibliotek samstundes som det er eit viktig møtepunkt for alle dei ulike brukarane av kulturhusområdet. Ei samlokalisering med Frivillegsentralen forsterkar dette.

Likeins har kulturhuset potensial som hovudarena for kulturell produksjon, men då bør arenaen vidareutviklast for å sikre kulturskulen eit framtidsretta rammeverk for si verksemd.

Saman med ovannemnde tilbygg er det naudsynt å rehabilitere eksisterande bygningsmasse for å sikre rammeverket for ei ny og aktiv bruksperiode.

Konsekvensar for folkehelse:

Ikkje vurdert.

Konsekvensar for beredskap:

Ikkje vurdert.

Konsekvensar for drift:


Ikkje vurdert.

Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE

HERØY KULTURHUS & IDRETTSHALL

Rehabilitering, ombygging og tilbygg

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i følgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasen	Byggefasen	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasen og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfølgjande prosjekteringsfase, anbudsfasen, byggefasen og garantifase.

Herøy kulturhus og idrettshall vart bygt i perioda 1979/80 og huser i dag festsal med flyttbart amfi og fast scene, idrettshall med flyttbart amfi og garderober, bibliotek, kulturskule og lokale for ulike fritidsaktivitetar.


Utbyggingsalternativ 1

Prosjektet omhandlar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, herunder tilbygg for bibliotek, frivillegsentral og kulturskule, ombygging av eksisterande bibliotekslokale til nye lokale for Kulturskulen, ombygging av tidlegare kafèareal til pauserom/kafe, etablering av manglande personalfunksjonar samt ombygging av tidlegare treningsareal til nye lokale for frivillege lag og organisasjonar.

Utbyggingsalternativ 2

Prosjektet omhandlar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, herunder tilbygg for bibliotek og frivillegsentral, ombygging av eksisterande bibliotekslokale til nye lokale for kulturskulen, ombygging av tidlegare kafèareal til pauserom/kafè, etablering av manglande personalfunksjonar samt ombygging av tidlegare treningsareal til nye lokale for frivillege lag og organisasjonar.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:



INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande og kommunen vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiari som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, tenesteytande avdeling, brukargrupper og andre interessegrupper.

Herøy kulturhus og idrettshall ligg innanfor kommunens eigedomar gnr. 29 bnr. 214 mm:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Herøy kulturhus og idrettshall ligg innanfor eit større område beståande av barnehagar, barneskular, ungdomsskule, vidaregåande skule, Sunnmørsbadet Fosnavåg og privat bustadbebyggelse samt idrettsanlegg og aktivitetspark.

NABOLAG

Eigedomen grensar inntil eit naturreservat i sør og kommunale og private eigedomar elles.

GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

ATKOMST

Atkomsten til bygget etablerast via eksisterande vegtilkomst. Gjeldande skiltplan fyl som vedlegg til byggeprogrammet.

PARKERING

Opparbeida parkeringsplassar skal nyttast også i framtida, men det er i byggeprogrammet lagt opp til ei utviding av dette arealet i den nordlige delen av parkeringsområdet.

Delar av parkeringsområdet, ved aktivitetspark og fotballbaner, oppgraderast til park / uteområde for sambruk med aktivitetspark og fritidsaktivitetar.

BEBYGGELSE

Eksisterande bebyggelse skal vidareutviklast gjennom naudsynt rehabilitering, ombygging og tilbygging.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Byggherre ynskjer at området skal framstå med eit arkitektonisk heilskapleg uttrykk, men ynskjer alternative forslag frå prosjekterande til fasadeuttrykk både på eksisterande fasade og tilbygg.

GRENSESNIITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Sunnmørsbadet Fosnavåg AS er næraste nabo til bygget og nyttar seg av det kommunale uteområdet, herunder særleg parkeringsarealet, saman med andre sentrale brukarar av området, særleg handball- og fotballgrupper under Bergsøy idrettslag.

Bygningane fungerer uavhengig av kvarandre, men har eit felles grensesnitt i felles korridor mellom Herøyhallen og vestibyle Sunnmørsbadet. Brannkonsept for rehabilitering må ta omsyn til dette.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD

Ingen særskilte merknader.

6.1 INNLEIING

Funksjons- og arealanalyse beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevst for prosjektet.

6.2 **ALTERNATIV 1: REHABILITERING, TILBYGG BIBLIOTEK / KULTURSKULE****REHABILITERING AV EKSISTERANDE BYGNINGSMASSE**

Følgjande rehabilitering skal gjennomførast for eksisterande bygningsmasse:

BYGNINGSDEL	MERKNAD
Yttertak	Det er behov for ei delvis rehabilitering av eksisterande tak, herunder utskifting av takteking og einskilde taksluk.
Røykluker	Eksisterande røykluker i festsal skal oppgraderast til røykluker utan overlys.
Yttervegg	Bygget skal etterisolerast og kles med ny fasadekledning.
Vindu	Eksisterande vindu skal skiftast til nye vindu med integrert solskjerming. Eksisterande lysfelt i Herøyhallen kles igjen.
Himling	Innvendig himling skal skiftast ut.
Belysning	Innvendig belysning skiftast ut.
Innervegg	Innvendige overflater rehabiliterast.
Innerdører	Innerdører skiftast til branndører med oppkobling til brannsentral.
Gulvoverflate	Gulvoverflate rehabiliterast.
Toalett	Rehabilitering av publikumstolett i underetasje.
Tribuneanlegg	Rehabilitering av tribuneanlegg i Herøyhallen.
Ventilasjonsanlegg	Rehabilitering av ventilasjonsaggregat for festsal og Herøyhall
El-tavler	Rehabilitering av hovudtavler og undertavler.
Varmestyring	Oppgradering av styring for gulvvarme
Kjøkken	Kjøkken i hovudetasje rehabiliterast.

TILBYGG BIBLIOTEK

Som del av prosjektet skal det byggast eit tilbygg for bibliotek i området mellom dagens hovudinngang til Kulturhuset og dagens hovudinngang til Sunnmørsbadet Fosnavåg. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Inngangsparti	1	50	50	Knutepunkt. Resepsjonsområde. Sjølvbetjening.
Avis/tidsskrift/data	1	50	50	Sitegrupper
Vaksenavdeling	1	400	400	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv og stille sone. I tillegg til ordinær samling av bøker finn ein referanselitteratur og lokalsamlingar her. Etablering av kompaktmagasin for lagring, i staden for ordinære lager for lett tilgjengelegheit. Arealet må vere fleksibelt og er tenkt som det viktigaste området for ulike møteplassaktivitetar/scene med plass til 100 personar.
Barneavdeling	1	100	100	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv- og stille sone, , i tillegg til boksamling. Bør plasserast nær knutepunktet, litt skjerma. Eksponeringsareal. Arealet må vere fleksibelt for ulike møteplassaktivitetar.
Ungdomsavdeling	1	100	100	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv- og stille sone, i tillegg til boksamling. Arealet må vere fleksibelt for ulike møteplassaktivitetar.
Kontor og arbeidsrom	2	25	50	4 kontorplassar og arbeidsrom i nærleik til utlånsarealet.
SUM BRA	-	-	750	-

Særleg om Frivillegsentralen

Frivillegsentralen skal inngå i det nye biblioteksarealet. Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Aktivitetsrom	1	100		
Kontor	1	20		To arbeidsstasjonar
Lager	1	30		
SUM BRA	-		150	-

TILBYGG KULTURSKULEN

Som del av prosjektet skal det byggast eit tilbygg for kulturskulen i forlengelsen av eksisterande festsal. Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Dansesal	2	150	300	Krav til lydtett rom. Takhøgde 5 m.
Samspelrom 1	1	150	150	Krav til lydtett rom. Takhøgde 5 m.
Samspelrom 2	1	60	60	Krav til lydtett rom. Takhøgde 5 m.
Kontor rektor	1	12	12	
Merkantil	1	8	8	
Kopirom/note/cd	1	20	20	
Øvingsceller	8	15	120	Krav til lydtette rom. Takhøgde 3.5 m.
Lager 1 Kostyme	1	30	30	God lengde for oppheng av kostymer mm.
Lager 2 Drama	1	30	30	Til kulissar m.m
SUM BRA	-	-	510	-

REHABILITERING OG OMBYGGING FOR KULTURSKULEN

Tilbygg bibliotek inneber at eksisterande bibliotekslokale kan byggast om til nye lokale for kulturskulen. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Visuell kunst	1	100	100	Elevarbeid. God tørk.
Verkstad	1	100	100	Kostymer og kulisser
Verkstad	1	100	100	Foto og video
Lager	1	50	50	Musikkutstyr
Lager	1	100	100	Transportutstyr. Krav om port. Bakkeplan.
Lager	1	100	100	Drama, dans, kunst
SUM BRA	-		550	-

Eksisterande kulturskulelokale skal nyttast som garderobe og oppvarmingstad i samband med arrangement i festsalen.

ANDRE FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Pauserom	1	30	30	Felles for alle tilsette på kulturhuset.
Møterom	2	25	50	
Øvingsrom	1	50	50	
SUM BRA	-			-

PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Personalgarderobe dame	1	25	25	
Personaltoalett dame	2	2	4	

Personalgarderobe herre	1	25	25	
Personaltoalett - herre	2	2	4	
SUM BRA	-		58	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom				
Tavlerom				
Reinhaldssentral				
Bøttekott				
Lager				
Avfallsrom	1	15	15	
SUM BRA	-		15	-

UTOMHUS

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplassar	70	20	1400	Nye parkeringsplassar
Parkering - HC	2	30	60	Nye parkeringsplassar nær hovudinngang
Aktivitetspark	1			Eksisterande parkeringsareal i området mellom Herøy kulturhus og idrettsområdet skal utviklast til eit bilfritt uteområde i tilknytting til eksisterande aktivitetspark.

REHABILITERING AV EKSISTERANDE BYGNINGSMASSE

Fylgjande rehabilitering skal gjennomførast for eksisterande bygningsmasse:

BYGNINGSDEL	MERKNAD
Yttertak	Det er behov for ei delvis rehabilitering av eksisterande tak, herunder utskifting av taktekking og einskilde taksluk.
Røykluker	Eksisterande røykluker i festsal skal oppgraderast til røykluker utan overlys.
Yttervegg	Bygget skal etterisolerast og kles med ny fasadekledning.
Vindu	Eksisterande vindu skal skiftast til nye vindu med integrert solskjerming. Eksisterande lysfelt i Herøyhallen kles igjen.
Himling	Innvendig himling skal skiftast ut.
Belysning	Innvendig belysning skiftast ut.
Innervegg	Innvendige overflater rehabiliterast.
Innerdører	Innerdører skiftast til branndører med oppkobling til brannsentral.
Gulvoverflate	Gulvoverflate rehabiliterast.
Toalett	Rehabilitering av publikumstolett i underetasje.
Tribuneanlegg	Rehabilitering av tribuneanlegg i Herøyhallen.
Ventilasjonsanlegg	Rehabilitering av ventilasjonsaggregat for festsal og Herøyhall
EI-tavler	Rehabilitering av hovudtavler og undertavler.
Varmestyring	Oppgradering av styring for gulvvarme
Kjøkken	Kjøkken i hovudetasje rehabiliterast.

TILBYGG BIBLIOTEK

Som del av prosjektet skal det byggast eit tilbygg for bibliotek i området mellom dagens hovudinngang til Kulturhuset og dagens hovudinngang til Sunnmørsbadet Fosnavåg. Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Inngangsparti	1	50	50	Knutepunkt. Resepsjonsområde. Sjølvbetjening.
Avis/tidsskrift/data	1	50	50	Sitegrupper
Vaksenavdeling	1	400	400	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv og stille sone. I tillegg til ordinær samling av bøker finn ein referanselitteratur og lokalsamlingar her. Etablering av kompaktmagasin for lagring, i staden for ordinære lager for lett tilgjengelegheit. Arealet må vere fleksibelt og er tenkt som det viktigaste området for ulike møteplassaktivitetar/scene med plass til 100 personar.
Barneavdeling	1	100	100	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv- og stille sone, i tillegg til boksamling. Bør plasserast nær knutepunktet, litt skjerma. Eksponeringsareal. Arealet må vere fleksibelt for ulike møteplassaktivitetar.
Ungdomsavdeling	1	100	100	Består av sitjegrupper og eksponeringsareal med aktiv- og stille sone, i tillegg til boksamling. Arealet må vere fleksibelt for ulike møteplassaktivitetar.
Kontor og arbeidsrom	2	25	50	4 kontorplassar og arbeidsrom i nærleik til utlånsarealet.
SUM BRA	-	-	750	-

Særleg om Frivillegsentralen

Frivillegsentralen skal inngå i det nye biblioteksarealet. Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Aktivitetsrom	1	100		
Kontor	1	20		To arbeidsstasjonar
Lager	1	30		
SUM BRA	-		150	-

REHABILITERING OG OMBYGGING FOR KULTURSKULEN

Tilbygg bibliotek inneber at eksisterande bibliotekslokale kan byggast om til nye lokale for kulturskulen. Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Kontor rektor	1	12	12	
Merkantil	1	8	8	
Kopirom/arkiv	1	8	8	
Dansesal	2	150	300	Krav til lydtett rom.
Samspelrom 1	1	150	150	Krav til lydtett rom.
Samspelrom 2	1	60	60	Krav til lydtett rom.
Kopirom/note/cd	1	20	20	
Øvingsceller	8	15	120	Krav til lydtette rom.
Lager 1 Kostyme	1	20	20	Gjerne langt og smalt, 7x3
Lager 2 Drama	1	20	20	Til kulissar m.m.
Lager 3 Musikkutstyr	1	20	20	
SUM BRA	-		738	-

Eksisterande kulturskulelokale skal nyttast som garderobe og oppvarmingstad i samband med arrangement i festsalen.

ANDRE FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Pauserom	1	30	30	Felles for alle tilsette på kulturhuset.
Møterom	2	25	50	
Øvingsrom	1	50	50	
SUM BRA	-		130	-

PERSONALFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Personalgarderobe dame	1	25	25	
Personaltoalett dame	2	2	4	
Personalgarderobe herre	1	25	25	
Personaltoalett - herre	2	2	4	
SUM BRA	-		58	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom				
Tavlerom				
Reinhaldssentral				
Bøttekott				
Lager				
Avfallsrom	1	15	15	

SUM BRA	-			-
---------	---	--	--	---


UTOMHUS

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplassar	70			
Parkering - HC	5			
Aktivitetspark	1			Eksisterande parkeringsareal i området mellom Herøy kulturhus og idrettsområdet skal utviklast til eit bilfritt uteområde i tilknytting til eksisterande aktivitetspark.

7	ESTIMERT AREALBEHOV
---	---------------------

Etimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSSALTERNATIV	NTA	BTA
Tilbygg bibliotek og frivilligsentral		
Tilbygg kulturskule		
Rehabilitering og ombygging		

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1640
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
25/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016
	Komite for oppvekst	24.05.2016
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	13.06.2016
	Formannskapet	14.06.2016
	Kommunestyret	22.06.2016

PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - FLEIRBRUKSHALL - BYGGEPROGRAM**Tilråding:**

- 1.
2. Kommunestyret godkjenner byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - utbyggingsalternativ 1.
3. Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.
4. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresett naudsynt finansiering.

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga

Skuleavdelinga

Kulturavdelinga

Bergsøy idrettslag – handballgruppa

Økonomiavdelinga

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Hovudverneombodet

Vedlegg:

Prenta vedlegg:

1. Prosjekt 51408 – Einedalen skule – fleirbrukshall – byggeprogram

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukshall.

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:

- *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
- *Herøy ressurscenter*
- *Nedre Dragsund 2*
- *Bergsøy skule*
- *Fosnavåg driftsbasis*
- *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for Einedalen skule – fleirbrukshall - fyl som prenta vedlegg 1.

Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbudsfasen	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasen og beskriv funksjonar, arealramme og overordna føringar for prosjektet. Programmet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfasen, anbudsfasen, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga, som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper.

Prosjekt 51408 – Einedalen skule - fleirbrukshall

Byggeprogrammet for Einedalen skule – fleirbrukshall - omhandlar bygging av ein fleirbrukshall som skal stette behova både for skuleavdelinga og for private lag og organisasjonar.

Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogrammet i samarbeid med skuleavdelinga (skuleleiar, rektor ved Einedalen og verneombodet) og kulturavdelinga (kulturleiar).

Hallkapasiteten ved Herøy kulturhus og idrettshall er sprengt. Bergsøy idrettslag – handballgruppa – har difor vore ein pådrivar for prosjektet og representert i prosjektgruppa ved Jan-Arild Gjerdsbakk.

Byggeprogrammet er utarbeida i to alternativ, begge ved Einedalen skule:

Utbyggingsalternativ 1

Utbyggingsalternativ 1 omhandlar bygging av ny fleirbrukshall med speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m.

Fleirbrukshallen føreslås for dette alternativ plassert i området ved SFO, i bakkant av dagens uteområde for skulen. Prosjektet utløyser eit behov for om lag 75 nye parkeringsplassar. Desse kan etablerast i umiddelbar nærleik til fleirbrukshallen.

Prosjektet er søkt tilpassa gjeldande krav til tippemidlar, mellom anna skal det for dette alternativet etablerast tribuneanlegg.

Utbyggingsalternativ 2

Utbyggingsalternativ 2 omhandlar bygging av ny fleirbrukshall med speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m.

Fleirbrukshallen føreslås også for dette alternativ plassert i området ved SFO, i bakkant av dagens uteområde for skulen. Prosjektet utløyser eit behov for om lag 75 nye parkeringsplassar. Desse kan etablerast i umiddelbar nærleik til fleirbrukshallen.

Alternativt kan hallen plasserast ved dagens personalinngang til skulen. Ulempene ved dette alternativet er at hallen kan bli ruvande i forhold til skulens austlege fasade. I tillegg vurderer eigedomsavdelinga hallen som for plasskrevjande for utbyggingsområdet i tillegg til at trafikkavviklinga vert dårlegare då nye parkeringsplassar fortsatt må etablerast i området ved SFO. Dette vil etter alle solemerker føre til at brukarane av hallen likevel parkerer i umiddelbar nærleik til hallen. Dette vil vere særst uheldig for elevar og andre mjuke trafikantar, men vil også vere uheldig for prosjektet generelt.

Prosjektet er søkt tilpassa gjeldande krav til tippemidlar, men føreslås etablert utan tribuneanlegg.

Vidare prosess

Eigedomsavdelinga har ikkje hatt kapasitet til å kalkulere utbyggingskostnaden for dei ulike utbyggingsalternativ i byggeprogrammet. Avdelinga rår difor til at byggeprogrammet vert fremma til ny handsaming i samband med budsjett- og økonomiplanprosessen for 2017-2020 saman med kvalitetssikra budsjettkalkyle for det utbyggingsalternativ kommunestyret vel ved handsaming av denne sak.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Einedalen skule - idrettshall- utbyggingsalternativ 1.

Hallkapasiteten ved Herøy kulturhus og idrettshall er sprengt. Dette begrensar aktivitetsnivået for handball, men også for andre brukarar av hallen. Rådmannen legg difor til grunn at det er eit kvalifisert behov for utviding av hallkapasiteten i Herøy.

Utbyggingsalternativ 1 er det mest framtidsretta utbyggingsalternativet då ein hall med tribuner aukar funksjonaliteten og brukarvennlegheita. Med tribuneanlegg kan også hallen avlaste Herøyhallen i større grad enn dersom den berre vert tilrettelagt for trening.

Rådmannen rår til at hallen vert plassert i bakkant av uteområdet ved Einedalen, då dette er det beste alternativet med tanke på trafikkavvikling i tillegg til at dette alternativet er til minst ulempe for Einedalen skule.

Konsekvensar for folkehelse:

Ikkje vurdert.

Konsekvensar for beredskap:

Ikkje vurdert.

Konsekvensar for drift:

Ikkje vurdert.


Fosnavåg, 03.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust

1.



HERØY KOMMUNE

EINEDALEN SKULE

Fleirbrukshall

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT				
Programfase	Prosjekteringsfase	Anbodsfasen	Byggefasen	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet i programfasen og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, anbodsfasen, byggefasen og garantifase.

Einedalen skule opna i 2010 og er barneskule for 230 elevar frå 1. til 7. trinn samt SFO.

Utbyggingsalternativ 1

Prosjektet omhandler bygging av ein fleirbrukshall med speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m. ved skulen. Hallen skal ha fast publikumsamfi over materialrom.


Hallen skal fungere som ei sjølvstendig brukseining ved sidan av ordinær skuledrift.

Utbyggingsalternativ 2

Prosjektet omhandler bygging av ein fleirbrukshall med speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m. ved skulen. Hallen byggast utan publikumsamfi.

Hallen skal fungere som ei sjølvstendig brukseining ved sidan av ordinær skuledrift.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:



INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen som byggherre vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiars som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiars koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 24 bnr. 74:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomene vert i dag hovudsakleg nytta som uteareal for elevane ved skulen. Bygging av fleirbrukshall på tomte inneber likevel ikkje krav til kompensert uteareal då skulen ynskjer at elevane skal nytte uteområdet ved byggets framside.

NABOLAG

Eigedomene grensar inntil private grunneigarar i nord, sør, vest og aust.

GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 24 bnr. 74:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomen vert i dag hovudsakleg nytta som uteareal for elevane.

NABOLAG

Eigedomen grensar inntil private grunneigarar i nord, sør, vest og aust.

GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje vurdert.

ATKOMST

Atkomst til prosjektet etablerast via eksisterande hovudatkomst til Einedalen skule.

PARKERING

Byggherre har i førehandskonferanse med bygningsmyndigheitene avklart at prosjektet utløyser eit behov for totalt 100 parkeringsplassar ved utbygging etter alternativ 1. Byggherre føreset at behovet vert redusert ved nedskalert utbygging.

Tomtealternativ 1

Område for parkering er markert i situasjonsplanen nedanfor.



Det er allereie 25 parkeringsplassar, inklusiv 2 HC-plassar, innanfor skuleområdet som kan takast med i dimensjoneringa av parkeringsbehov for fleirbrukshallen. Det er soleis behov for ei netto utbygging av omlag 75 parkeringsplassar, der omlag 5 plassar bør tilpassast HC-parkering.

Tomtealternativ 2

Område for parkering er markert i situasjonsplanen nedanfor.



Det er allerede 25 parkeringsplassar, inklusiv 2 HC-plassar, i det området som fleirbrukshallen er tenkt plassert. Desse plassane skal kunne nyttast også etter at prosjektet er ferdigstilt. Det er soleis behov for ei netto utbygging av omlag 75 parkeringsplassar, der omlag 5 plassar bør tilpassast HC-parkering.

BEBYGGELSE

Tomtealternativ 1

Fleirbrukshallen skal byggast som sjølvstendig bygg med eigen hovudinngang frå nyetablert parkeringsområde for prosjektet. Det skal etablerast overbygd uteareal for å sikre gangforbindelse mellom skulen og fleirbrukshallen.

Tomtealternativ 2

Fleirbrukshallen skal byggast som eit tilbygg til Einedalen skule, men med eigen hovudinngang på bakkeplan i området ved dagens parkeringsområde og personalinngang. Fleirbrukshallen og skulebygget skal samanbyggast slik at ein kan bevege seg innandørs mellom skulen og fleirbrukshallen, både på grunnplan og i 1. etasje.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Tomtealternativ 1

Fleirbrukshallen skal stå i stil med skulens arkitektur forøvrig og søkast tilpassa terrenget og dei naturlege omgjevnadane på ein god måte.

Tomtealternativ 2

Fleirbrukshallen skal stå i stil med skulens arkitektur forøvrig Det er viktig at utsiktsforhold og innslepp av dagslys til skulens fasade aust vert ivaretekne på best mogleg vis.

GRENSESNIITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Fleirbrukshallen skal kunne nyttast sjølvstendig og uavhengig av skuledrifta.

ANDRE RELEVANTE FORHOLD

Ingen særskilte forhold.

6.1	INNLEIING
------------	------------------

Funksjons- og arealanalyse beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevest for prosjektet.

Byggherre har særleg teke utgangspunkt i Byggforsk sine byggdetaljblad 341.706 og 379.201 i planlegginga. Likeins har ein vurdert byggeprogrammet opp mot rettleiar frå kultur og kirkedepartementet til planlegging, bygging, drift og vedlikehold av fleirbrukshaller samt gjeldande kvalifikasjonskrav for tippemidlar.

6.2	ALTERNATIV 1: FLEIRBRUKSHALL 25 x 45 M.
------------	--

PRIMÆRFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Speleflate	01	1125	1125	Speleflate 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m. Skal kunne delast i 3 like soner. Netto innvendig fri takhøgde minimum 7 meter.
Ribbevegg	01	-	-	
Buldrevegg	01	-	-	
Tribuneanlegg	01	-	-	Fast installasjon over materialrom. Krav til 100 % siktline til speleflate.
Materialrom	01	100	100	Felles materialrom for hallen. Skal delast i 3 like soner under tribuneanlegget.
Trimrom	01	50	50	I direkte tilknytning til fellesarealet. For kondisjon- og styrketrening samt andre kroppsøvingsaktivitetar.
Lege og sanitetsrom	01	15	15	Krav til direkte atkomst frå utside for ambulansepersonell.
Vaktrom og sekretariat	01	10	10	Speaker- og sekretariatsfunksjon,. Må ha utsyn til speleflate.
Kiosk	01	10	10	For sal av kioskvarer, ikkje tilbereding av mat.
Garderobe - dame	02	30	60	
Dusjrom - dame	02	24	48	
Toalett - dame	02	02	04	

Garderobe HC - dame	01	10	10	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
Garderobe herre	02	30	60	
Dusjrom - herre	02	24	48	
Toalett - herre	02	02	04	
Garderobe HC - herre	01	10	10	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
Dommargarderobe	02	06	12	Også for skulens undervisningspersonale.
SUM NTA	-	-	1566	-

FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Publikumstoalett dame	03	02	06	3 separate båser.
Publikumstoalett herre	02	02	04	1 separate båser + urinal.
Publikumstoalettrom HC	01	06	06	
SUM NTA	-	-	16	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav til driftsfunksjonar for drift av bygget:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	25	25	VVS, sprinkler og IKT
Tavlerom	01	01	01	Separat frå teknisk rom.
Reinhaldssentral	01	20	20	Med utslagsvask og slukbrønn i gulv. Dør slår ut.
Bøttekott	01	02	02	I eventuell 2. etasje.
Lager	01	10	10	Reinhald
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar

Varelevering	01	10	10	
Avfallsrom	01	06	06	Låsbar rulleport minimum 130 cm bredde.
SUM NTA	-		84	-

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	01	-	-	Krav om vrimleareal og sosial sone.
Trapp / trapperom	01	-	-	
Heis / heisrom	01	-	-	
Inngang tribune	02	-	-	
Varelevering	01	-	-	
SUM NTA		-	-	-

UTANDØRS

Prosjektet utløyer slike krav til utandørs arealdisponering:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkeringsplass	70	20	1400	
Parkeringsplass - HC	5	30	150	
SUM	-		1550	-

6.2	ALTERNATIV 2: FLEIRBRUKSHALL 23 x 44 M. FOR BANE 20 X 40 M.
-----	--

PRIMÆRFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Speleflate	01	1012	1012	Speleflate 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m. Skal kunne delast i 3 like soner. Netto innvendig fri takhøgde minimum 7 meter.
Ribbevegg	01			
Materialrom	01	70	70	Felles materialrom for hallen. Skal delast i 3 like soner.
Trimrom	01	50	50	I direkte tilknytning til fellesarealet. For kondisjon- og styrketrening samt andre kroppsøvingsaktivitetar.
Vaktrom og sekretariat	01	10	10	Speaker- og sekretariatsfunksjon,. Må ha utsyn til speleflate.
Garderobe - dame	02	30	60	
Dusjrom - dame	02	24	48	
Toalett - dame	02	02	04	
Garderobe HC - dame	01	10	10	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
Garderobe herre	02	30	60	
Dusjrom - herre	02	24	48	
Toalett - herre	02	02	04	
Garderobe HC - herre	01	10	10	Garderobe og toalett. Skal planleggast etter BANO-prinsippet.
Dommargarderobe	02	06	12	Også for skulens undervisningspersonale.
SUM NTA	-	-	1398	-

FELLESFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
----------	-------	-------	-----	---------

Publikumstoalett dame	01	02	02	
Publikumstoalett herre	01	02	02	
Publikumstoalett HC	01	06	06	
SUM NTA	-		10	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav til driftsfunksjonar for drift av bygget:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	25	25	Ventilasjon, sprinkler og IKT
Tavlerom	01	01	01	Separat frå teknisk rom.
Reinhaldssentral	01	20	20	Med utslagsvask og slukbrønn i gulv. Dør slår ut.
Lager	01	10	10	Reinhald
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar
Avfallsrom	01	06	06	Låsbar rulleport minimum 130 cm bredde.
SUM NTA	-		72	-

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyer slike krav:


FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	01	-	-	Krav om vrimleareal og sosial sone.
Trapp / trapperom	01	-	-	
Heis / heisrom	01	-	-	
SUM NTA	-			-

UTANDØRS

Prosjektet utløyer slike krav til utandørs arealdisponering:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Parkering	40	20	800	
Parkering - HC	2	30	60	
SUM	-		860	-

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSSALTERNATIV	NTA	BTA
Utbyggingsalternativ 1 - Fleirbrukshall 25 x 45 m. for bane 20 x 40 m.	1658	2156
Utbyggingsalternativ 2 - Fleirbrukshall 23 x 44 m. for bane 20 x 40 m.	1462	1901

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2016/603
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

PEN OG RAGNAR THORSETH. SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND.

Tilråding:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil 130.000 kr frå det kommunale næringsfondet til Pen og Ragnar Thorseth til oppbygging av opplevingstilbod på Thorsethøgda.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- Ragnar Thorseth
- Utviklingsavdelinga
- Økonomiavdelinga

Thorsethøgdsvegen 9

6070 TJØRVÅG

Vedlegg

1 Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond

Saksopplysningar:

Pen og Ragnar Thorseth vil realisere eit unikt reise- og opplevingsmål for turistar og fastbuande på Thorsthøgda. Dette tilbodet vil dei bygge på Ragnar si historie som eventyrar, pen sin livskunst, religion, filosofi, kokkekunst og deira unike møte og samliv.

Grunnlaget for tildeling av midlar frå næringsfondet er retningslinjer frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 03.03.2015

Forhold som må vurderast i tilknytning til nemnde retningslinjer er mellom anna om eit tilskot til bedrifta er utløysande for tiltaket. I retningslinjene heiter det i pkt. 2 i retningslinjene:

«Støtte frå kommunalt næringsfond skal ha ein utløysande effekt. Det betyr at midlane skal bidra til at tiltak som elles ikkje ville ha blitt gjennomført, blir realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at støtte frå næringsfondet bidrar til å oppretthalde eit tilbod.»

Herøy kommune er i sone II i det geografiske virkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte og kan ikkje gje investeringsstøtte til enkeltbedrifter.

Kommunen kan likevel gje støtte til bedriftsretta kompetansehevingstiltak, t.d. profilering/merkevarebygging, kurs, seminar, nettverksbygging, konferanse, bedriftsutvikling, produktutvikling, konsulenthjelp eller liknande.

Det skal dessutan vurderast om tilskot vil kunne oppfattast som urettmessig konkurransevridande i høve til andre verksemder i same eller samanliknbare bransjar.

I ANS-sak 3/08 vart det gjort slikt vedtak i pkt. 3:

”Når det gjeld spørsmål om konkurranseforhold i høve til alt etablerte verksemder så skal dette vurderast i høve til det geografiske området der den nye verksemda er forventa å ha storparten av kundemassen sin og det skal også takast omsyn til om dagens tilbod innan ein aktuell bransje er basert på monopol eller monopolliknande tilstand.”

Støtte skal ikkje utgjere meir enn halvparten av dei kostnadene som er rekna inn i støttegrunnlaget. Dette betyr at tilskot ikkje skal overstige kr 150.000,-. For verksemder som får refundert moms, skal støttegrunnlaget reknast av kostnaden utan moms. Kommunen kan vurdere ein høgare finansieringsandel (inntil 75 %) for nyetablerarar.

Vurdering og konklusjon:

Pen og Ragnar Thorseth søker om 150.000 kr i støtte frå kommunalt næringsfond til oppbygging av opplevingstilbod på Thorsethøgda.

Rådmannen meiner eit tilskot frå næringsfondet vil ha ein utløysande effekt på tiltaket jf. retningslinjene punkt 2. Føremålet med søknad om tilskot er å bidra til profilering, merkevarebygging og er såleis også i tråd med retningslinjene punkt 5.

Søknaden frå Pen og Ragnar Thorseth er med denne grunngjevinga innanfor rammene for å få tilskot frå kommunalt næringsfond.

Den totale kostnaden i søknaden er estimert til 260.000 kr. Tidlegare praksis i Herøy kommune tilseier at det sjeldan vert gjeve tilskot over 50% av totale kostnadar slik det er rom for i regelverket. I denne saka vil derfor kommunen halde seg til tidlegare praksis og tilrå eit tilskot på 50% av totale kostnadar for dette prosjektet, kr 130.000 kr.

Rådmannen viser til regelverket for kommunalt næringsfond og rår til at søknaden vert imøtekomen med inntil 130.000 kr.

Fosnavåg, 06.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Søknad

Søknadsnr.	2016-0008	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Kommunalt næringsfond			
Prosjektnavn	Pen og Ragnar Thorseth heime.			

Kort beskrivelse

Lage til eit unikt reise/opplevingsmål for turistar og fastbuande -på Torsethøgda.

Prosjektbeskrivelse

Pen og Ragnar Thorseth vil realisere ein livsvarande draum:

Skape ein stad folk kan kome til oss og oppleve verda rundt der vi har vore og levd og opplevd, unikt og kortreist.

Det gjeld å smake, sjå og høyre om vår veg ofte utanfor allfarveg gjennom våre meir enn 100 årige liv og fem års samliv i ulike land og verdsdelar, arktis og tropene, ulike verdsdelar på sjø, land og i og på is.

Dette på basis av tre ting. Ragnar si historie som eventyrar/livshistorie. Pen sin livskunst ,relegion, filosofi og kokkekunst. Pen og Ragnar sitt unike møte og samliv.

På tunet vårt har vi laga til nokre nye hus som høver til å ta i mot folk.;

" HK katedralen" i sjølvurd stein og torvtak husar 4 gamle motorar pluss under bygging ein dampmaskin; tosyndra, dobbeltverkande og vedfyr, ein tosetars utedo, tankesmia og museumet i garasjen- no " Valhall" med storskjerm og videokanon og sete og bordplass til 28 personar for mat og møte og film/foredrag.

Eit stort bildegalleri frå Ragnars ekspedisjonar, stor samling av ting og tang frå garden, oppvekst og ekspedisjonsliv samt unike ting som Ragnars Heimebrentsapparat, hans første båt mm.

Elles er hovedhuset vårt og ope for gjestar - maks 10 til bords i storstova. Det er ope i alle etasjar med unike samlingar med minner frå heile verda.

Sist men ikkje mins er opplevinga å møte Pen og Ragnar i sitt heimemiljø og ta del i det.

Ragnar er ein lettsjurd og villig foredragshaldar, forteljar og samtalepartner som har fleire filmar frå sitt mangslugne ekspedisjonsliv som han viser på storskjerm i Valhall.

Pen er den penaste, men meir fåmælt og beskjeden, men set sitt tydelege merke på ei samling med sin matkunst, vertinnerolle og væremåte.

Og der det trengst utfyllande ord trør Ragnar til, og nokre gongar toneset han sine ord.

Pen og Ragnar skal ikkje ha tilsette med står sjølve for underhaldning, servering og samtale og deira største ønske er at gjestane skal kjenne seg heime og verte- og ta del i Pen og Ragnars sine liv og

røynsler.

I HK-Katedralen fyrer Ragnar gjerne opp sine motorar og let dei tøffe, dunke og gå som bakgrunnsmusikk til alle andre opplevingar.

I Dobbeltsetarutedoen "Sirilund" er det både spegel, handvask, lesestoff og ein Ragnarkonstruert urinal laga av ei delt 5-liters ølkanne med Ragnars R/T logo å sikte strålen på. Slik vert det vidare med uventa opplevingar bak kvar hjørne

Sentralt i tunet shetlandsfæringen "Bratthol Havila", BH Naustet med samling routstyr og kajakken som Pen og Ragnar har segla og padla i fleire år som trening for neste langtur.

Tunet og husa er og opne og veleigna for gjestane sine eigne møte og arrangement som å kome hit med gjestar, gjerne utanlandske, strategi og innovasjonsmøter. motivervingsmøter for eigne medarbeidarar o.a.

Ragnar kan i slike samanhengar vere ein god forteljar og bruke si røynsle når det gjeld både å få mannskapet med på felles mål og økonomi

Han har lært å møt og kjempe både mot og medgang og ser ikkje som eit mål å verte pensjonist

Dette tilbodet må kringkastast og profilerast.

Det kostar pengar som Ragnar har ingenting av.

Hans styrke er å fø idear, skape dei og gjennomføre som lova.

No skal dette skikkeleg markedsførast og ideane, planane ligg klare - berre verktøyet (pengane) manglar.

Kom og sjå kva vi har gjort her.

Då vert det truleg lettare å sjå at dette må målberast til alt folket og yte det som trengst.

Ragnar Thorseth

Skapar og Skald

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Thorseth, Ragnar Org.nr:-	Torsethøgdevgen 9 6070 TJØRVÅG	91536405
Kontakt- person	Ragnar Thorseth	Torsethøgdevgen9 6070 TJØRVÅG	91536405
Prosjekt- leder	Ragnar Thorseth	Torsethøgdevgen 9 6070 TJØRVÅG	91536405

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Namnet Ragnar Thorseth er kjent for mange i inn og utland.

Eg har sidan 1960 talet hatt føre meg mange ekspedisjonar i inn og utland.

Ei rekke filmar og bøker er blitt laga om alt eg har delteke på.

No er mykje av mitt ekspedisjonsliv samla på Ishavsmuseet Brandal i utstillinga "Levd Liv". Men eigentleg burde utstillinga vore dobbel so stor for å få fram alt eg har lyst å formidle.

Det som eg no bygg opp på Torsethøgda i lag med kona min Pen er eit godt supplement til "Levd Liv". Forskjella er at heime er det eg som står for formidlinga verbalt og med film og kommentarar. I tillegg vil vi servere Pen og mine sine spesialitetar, både norsk / kortreist og utanlandsk/thai.

Prosjektmål

Målet med dette prosjektet er at vi i løpet av første halvår i år får laga til ein del profileringsprodukt, som td. film, heimesider, flyers etc.

Deretter vil arbeidet gå vidare med å få dette kringkasta ut til dei aktuelle brukarane av tilbodet.

Eg ser føre meg å profilere inn mot verksemder som vil legge ein bedriftstur hit, familier, eller vennegjenger som vil oppleve noko anna, burdsdagar etc. Desse må eg nå ut til på ein best mogleg måte.

Forankring

Eg er sjølvstendig i dette og har ikkje anna forankring enn kona Pen. Men vi to står i lag om tiltaket.

Vi føler at vi tilnærmar oss ulike typer "inn på tunet" satsingar, der vi får fram eit unikt reisemål i nærområdet.

Prosjektorganisering

Eg vil vere den som organiserer prosjektet i lag med kona mi PEN.

Profileringsprosjektet vil ha fleire personar involvert.

Dei ulike personane tek ansvar for sine delprosjekt.

Samarbeidspartnere

Trygve Berge - min fotograf/filmfotograf gjennom svært mange år vert ein viktig partner.

Deretter vil eg velje ut nokon som kan ta seg av internettdelen/sosiale media, og trykksaker, fortrinnsvis lokalt. Aktørar er ikkje bestemt men er kontakta om budsjettprisar.

Aktiviteter

I tida framover ser vi føre oss;

Lage ferdig filmen om roturen til Shetland

Lage ei heimeside om satsinga på tunet her
Lage til ei eigna facebookside
Lage til og trykke eigna brosjyre om denne satsinga.

Dette må nok til for å få ut budskapet / Promotere verksemda = merkevarebygging.

Ein kan og kalle dette produktutvikling i det vi skal utvikle Thorsethøgda som eit produkt.

Målgrupper

Vi har ei begrensing på 28 personar ute (under tak) og 10 i hovedhuset.

Tilbodet er difor retta mot mindre grupper der ein og kan få god kontakt med folka.

Eg har tenkt regionalt /lokalt i første omgang.

Næringslivsfolk/bedrifter
Lokale folk som vil sjå og høyre
pensjonistar
lag og foreiningar
Private - td. åremålsdagar, gravferder

Ikkje utdrikningslag og russedåpar.

Dette er ikkje eit vintertilbod.

"Opplev noko anna hjå oss" !

Resultat

Min eller vår innsatsfaktor er oss sjølve og det vi har opplevd og står for.

Opplegget her er eit resultat av livsreisa mi og Pen.
Vi lovar at ingen andre stadar får du det som du får her..

Det kan heller ikkje kopierast.

Effekter

Effekten av vårt prosjekt er å få folk til å kome til vårt tun.

Området får ein ny attraksjon, som igjen er positivt for samfunnet vi lever i..

Vonaleg vil mine opplevingar inspirere andre ?

Bidra til auka bulyst ?

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Med oppstart i mai og arbeid utover sommaren vil vi klare å få til noko bra.

Deretter kan vi vil kome godt i gang med spreinga av budskapen utover sommaren og hausten.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
design brosjyrer/folder	30 000					30 000
design etc. heimeside	20 000					20 000
Eigen innsats	90 000					90 000
Filmarbeide	90 000					90 000
trykking av folderar	30 000					30 000
Sum kostnad	260 000					260 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Eige arbeid-innsats	110 000					110 000
Herøy kommune	150 000					150 000
Sum finansiering	260 000					260 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
thorset 1.PDF	138 011	25.04.2016
thorset2.PDF	147 711	25.04.2016



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1517
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
27/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. BERGSØY IL. FLEIRBRUKSHALL.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekomme søknaden og oppmodar Bergsøy idrettslag og fotballgruppa til å samkøyre/ samarbeide betre om søknadar i framtida. BIL bør også søke spelemidlar til dette prosjektet / arbeide meir med finansieringsplanen.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Bergsøy IL-Fotball, Klubbhuset, Lisjebøvegen 12, 6091 Fosnavåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

«Styret oppfordrer Bergsøy idrettslag og fotballgruppa til å samkjøre/ samarbeide bedre om søknadar i framtida. BIL bør også søke spelemidler til dette prosjektet / arbeide meir med finansieringsplanen. Det vart ikkje sett av midlar til dette prosjektet.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 21.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0041	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	SØKNAD OM TILSKUDD TIL BYGGING AV FOTBALLHALL			

Kort beskrivelse

Vi ønsker å bygge en fotballhall med flere bruksmuligheter. Hallen er tenkt oppsatt på tvers av vår eldste kunstgressbane. Bergsøy Kunstgressbane. Denne hallen har en størrelse på 65m x 80m og er en såkalt 9'er hall. Se vedlagte illustrasjonsdokument for plassering og tenkt utforming. Hallen skal være solid og bestå av stål og tre konstruksjoner.

Prosjektbeskrivelse

Viser til et eget mer utfyllende prosjektbeskrivelse som ligger vedlagt i pdf format. Navn: Søknad Herøy Næringsforum

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Bergsøy IL-Fotball Org.nr:982513367	Klubbhuset, Lisjebøvegen 12 6091 FOSNAVÅG	97612301
Kontakt- person	Tom Beddari	Klubbhuset, Lisjebøvegen 12 6091 FOSNAVÅG	97612301
Prosjekt- leder	Tom Beddari	Klubbhuset, Lisjebøvegen 12 6091 FOSNAVÅG	97612301

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

RDA midler fra Herøy Næringsforum for støtte til oppsetting av klubbhus Bergsøy IL, Kr 1.000.000 i 2013

Spesifikasjon

Bakgrunn

For å fortsatt klare å beholde de aktive vi har i dag-flest mulig - lengst mulig og best mulig må vi tilby attraktive treningsfasiliteter. Vi trenger enda bedre treningsvilkår enn det vi har i dag.

Vi ønsker også å øke rekrutteringen til fotballen ved å tiltrekke oss enda flere barn og unge som vil spele fotball. I forhold til antall barn i kommunen har vi fortsatt mye å gå på når det gjelder antallet som velger fotball. Dette er målt i forhold til de andre kommuner i kretsen.

Vi ønsker også å øke rekrutteringen til vår fotballfritidsordning (FFO) som er et substitutt til skolenes SFO, her har vi et stort rekrutteringspotensiale.

Det er dessverre slik at enkelte barn og unge vel vekk fotball fordi det er en uteaktivitet. Altfor mange barn og unge vil ikke drive med uteaktivitet fordi dei da må trene ute i all slags vær.

En annen viktig årsak til at vi ønsker hall er at vi opplever stadig oftere at vi må stenge banene da vi opplever «slushforhold» på vinteren som så gjerne frys til over natta. (I vårt område er det ofte "bakkefrost" sjøl ved plussgrader i luften.)

Prosjektmål

Prosjektmål fotball:

Nok kapasitet for å gi et tilbud til alle som vil spille fotball(en arena for alle) - Økt rekruttering

Beholde spillere lengst mulig - Fasiliteter for å bli best mulig.

Ved å sette opp en hall tilpasser vi oss mer til dagens forventninger til fasiliteter, og vi vil nå enda flere unge spillere. flest mulig-lengst mulig-best mulig.

Eks. Jentefotball: Vi skulle gjerne hatt langt flere jenter som spiller fotball, og vi vet at blant anna rekruttering av jenter har økt veldig der de har fått satt opp fotballhall.

Unngå avlysninger og stenging av baner på vinterstid. Ved å kunne tilby treningsfasilitetar under tak unngår vi at banene fryser igjen.

Prosjektmål fotballfritidsordning (FFO):

Når de nye fasilitetene i klubbhuset stod klare til bruk til høsten 2013 ble FFO startet. Pr dd er det ca 30 barn som går på dette. Til sammenligning så har Volda, som har innendørshall rundt 230 deltagere. Å drive aktiviteter utendørs gjennom hele vinteren kan være utfordrende, og dersom vi kan tilby innendørsaktiviteter øker vi kvaliteten på vårt FFO tilbud betraktelig, og mange flere vil finne FFO attraktivt!

Prosjektmål Herøy/lokalsamfunn:

Vår visjon er å gjøre Herøy til en enda bedre plass å bo. Vårt slag ord er en Arena for Alle. Denne hallen passer perfekt under våre verdier. Hallen har flerbruksmuligheter! Andre idretter/aktiviteter kan foregå i hallen. Her er planlagt løpebaner (se vedlegg), og vi ønsker også en klatrevegg i ene enden av hallen. Hallen vil gi et nytt fantastisk tilbud for skolene våre (gym etc.), vi ser for oss et enda tettere samarbeid med lokalt næringsliv, Messer, konserter etc.

Forankring

Bergsøy IL-Fotball sitt absolutte hovedmål er å drive mest mulig og best mulig idrettsarbeid for barn og unge.

Vi vet vi bidrar til å fremme folkehelsen og at vi er et kjempefint samfunnsøkonomisk eksempel. Med en hall ønsker vi å fortsette å fremme folkehelsen og trivselen samt tilbudet til innbyggerne i Herøy. Noe som igjen vil gjøre Herøy til en enda bedre stad å bu.

Skal Bergsøy IL Fotball klare eit slikt løft er vi avhengig av eit positivt samspill med mange ulike parter, inkludert Herøy Næringsforum. Til orientering vil Herøy kommune bli søkt om gratis tomt samt ei forskuttering av tippemidler og merverdiavgift. Vi søker også om en kommunal garanti for låneopptaket Bergsøy IL Fotball eventuelt vil måtte ta opp i forbindelse med utbyggingen.

Vil ikke ha noen innvirkning på reguleringsplan

En slik utbygging er også i tråd med, og et ledd i satsinga der vi bl.a ser for oss at Bergsøy IL- Fotball skal ha et 2.divisjonslag i fotball om ganske få år.

Bergsøy IL-Fotball mener en slik satsing vil være et stort løft for kommunen vår, og vil også være et

viktig bidrag i det som kalles Herøyløftet 2020.

Prosjektorganisering

Prosjektet er forankret i fotball styret. Formann Geir Johan Bakke. Klubben har dannet en byggekomite bestående av personer med allsidig kompetanse.

Prosjektleder er Daglig leder i Bergsøy IL-Fotball, Tom Beddari. Jeg vil være den som "drar i trådende" daglig, og sørger for at prosjektet styres best mulig. Jeg har vært med nå i 5 år i klubben som daglig leder, og der har allerede vært flere byggeprosjekt. Baner, klubbhus og tribune, der jeg har vært med som medlem. Prosjektets andre komite-medlemmer har den nødvendige spisskompetansen som vi finner nødvendig for prosjektet, og flere av dem har vært med i de andre prosjektene.

Hallvar Ulfstein- Økonomi, Eget konsulent selskap

Tonny Pettersen- Prosjektkompetanse anlegg/bygg, Entreprenørpartner

Eivind Berge-Prosjektkompetanse anlegg/grunnarbeid, Aurvoll&Furesund

Rune Frantsen- Fagarbeider anlegg/bygg, Entreprenørpartner

Frode Andreassen- Prosjektkompetanse, Olympic AS

Geir Johan Bakke - Formann Fotball, Havyard Group

Samarbeidspartnere

Et samspill med mange ulike parter;

Herøy Næringsforum- støtteordninger

Herøy kommune- Søk om gratis tomt, forskuttering av tippemidler og MVA, og søknad om kommunal garanti for et eventuelt låneopptak.

Lokalt næringsliv- Sponsorstøtte

Bergsøy IL- hovedstyret- Godkjenninger da de har org.nummeret og er øverste organ.

NFF- Norges fotballforbund og Sunnmøre fotballkrets i sammenheng med kompetanse og oppfølging av prosjektet.

Aktiviteter

Betaling av forprosjektering, tegninger etc

Betaling av grunnarbeider- forberedelse før oppsetting av Hall

Betaling av hallen totalt

Alle midler som tilføres prosjektet vil gå til betaling av prosjektet

Målgrupper

Befolkningen generelt i vår egen kommune Herøy.

Resultat

Alt beskrevet tidligere

Effekter

Effekter beskrevet tidligere, men kan nevne noe

Målbart i ettertid ved økt rekruttering, også spesielt for jenter

Målbart ved flere gode spillere som når større mål. Eget a-lag, større klubber.

Samfunns mål er bedre

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Vi vil avvente finansieringen før vi kan planlegge tidsplanen. Vi har et mål og en sterkt ønske om at hallen skal være ferdigstilt i løpet av første halvår 2016

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Grunnarbeider	3 000 000					3 000 000
Hall	18 000 000					18 000 000
Øvrige kostnader	3 000 000					3 000 000
Sum kostnad	24 000 000					24 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Egenkapital/lån; Resterende etter RDA støtte						0
Herøy kommune	18 500 000					18 500 000
Spillemidler		5 500 000				5 500 000
Sum finansiering	18 500 000	5 500 000				24 000 000

Geografi

1515-Herøy, 1591-Sunnmøre(region)

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
1 Etasje.pdf	674 316	31.10.2015
3D.PDF	232 216	31.10.2015
ACCamera_1.jpg	4 608 775	31.10.2015
ACCamera_3.jpg	1 783 153	31.10.2015
ACCamera_5.jpg	4 422 650	31.10.2015
En illustrasjon Bergsøy IL Klubbhus-Ny hall - Sheet_ 006 - NY HALL.pdf	226 785	31.10.2015
Fasade.pdf	193 654	31.10.2015
Finansieringsbehov.xlsx	10 141	31.10.2015
Søknad Herøy Næringsforum.pdf	239 501	31.10.2015



Herøy Næringsforum
Postboks 69
6099 Fosnavåg

Fosnavåg, 28.10.2015

SØKNAD OM TILSKUDD TIL BYGGING AV HALL

Bakgrunn

For å fortsatt klare å tilby barn og unge attraktive treningsfasilitetar ser vi at vi må tilby bedre treningsvilkår enn det vi har i dag.

Kunstgrasbana, Havila Stadion Fosnavåg, klubbhuset og tribuneanlegget har alle vært vesentlige bidragsytarar til å få barn og unge til å delta på BIL Fotballs aktivitetar.

For at vi fortsatt skal klare å tiltrekke oss barn og unge som vil spele fotball er vi nøydte til å tilby enda bedre treningsfasilitetar enn vi har i dag. Det er dessverre slik at enkelte barn og unge vel vekk fotball fordi det er en uteaktivitet. Altfor mange barn og unge vil ikkje drive med uteaktivitet fordi dei da må trene ute i all slags vær.

Vi opplever stadig oftare at vi må stenge banene da vi opplever «slushforhold» på vinteren som så gjerne frys til over natta. Ved å kunne tilby treningsfasilitetar under tak tilpassar vi oss meir dagens forventningar til fasilitetar og vi vil nå enda fleire unge spelare. Vi skulle gjerne også hatt langt fleire jenter som spiller fotball, og vi vet at blant anna rekruttering av jenter har økt mye der de har fått satt opp fotballhall.

Hødd har allereie hatt innandørshall nokre år, og siste året har også Ørsta og Volda fått opna nye og flotte hallar. Desse klubbane har bygd 7er haller men Bergsøy Fotball har etter vurderingar komt fram til at det mest framtidsretta for oss vil være å byggje ein 9er hall, litt fordi vi ser at Sunnmøre Fotballkrets nå legg opp til at fleire av kampene i aldersbestemte klasser blir avvikla som 9er kampar. Vi ser føre oss å bygge ein 9-ar hall, bestående av innandørs 9-ar fotballbane, 4 løpebaner, tribuneanlegg, garderobeanlegg etc., jamfør vedlagte beskrivelse.

Ved å gå bort frå vårt tidligare planar om 11er hall, og til nå å planlegge 9er hall har vi og tatt omsyn til tilbakemeldingar vedr plassering og høgde på hallen. Ein 9er hall vil ha ei maks høgde på om lag 15 meter og være godt innanfor krava i reguleringsføresegnene. Hallen er og trekt så langt vekk frå badeland som råd for å tilpasse deira ynskjer.

Bergsøy IL Fotball har etter realiseringa av kunstgrasbana, Havila stadion Fosnavåg og klubbhuset hatt en stor aktivitetsvekst. Banekapasiteten er på det næraste sprengd og dette er vi faktisk veldig glad for!

Klubbhuset blir nytta av alle dei ulike gruppene i Bergsøy IL.

Det viser at det er interesse for den aktivitet og idrettsglede Bergsøy IL-Fotball forsøker å skape.

Bergsøy Idrettslag -Fotball

Pb. 12

6099 Fosnavåg

Tlf 70 30 44 30 / Mob 97 61 2301

Org.nr: 982 513 367 MVA

www.bergsoy.com



Fleire bruksområder

I utgangspunktet er dette tenkt å være en innendørs fotballhall (65m x 80m).

MEN vi har fantastiske fleirbruks muligheter som vil gagne hele vårt lokalsamfunn.

Vi ser for oss at hallen kan være aktuell for aktiviteter som messer og konsertar.

Skulen(e) som i dag er stor brukar av anlegga, vil nå også få et tilbud på dagtid i hall.

Som det framgår av vedlegg, så er det også lagt opp til løpebane i hallens lengderetning.

Dette vil bidra til å skape auka aktivitet også for friidrettsgruppa i Bergsøy.

Her kan det også bli aktuelt med ein klatrevegg i den eine enden for å eventuelt nå enda fleire ungdomar.

FFO (Fotballfritidsordning)

Når dei nye fasilitetane i klubbhuset stod klare til bruk til hausten 2013 blei FFO starta opp igjen. Pr dd er det ca 30 barn som går på dette. Å drive aktivitetar utomhus gjennom heile vinteren kan være utfordrande og dersom vi kan tilby innandørsaktivitetar øker vi kvaliteten på tilbudet ytterligare og vi vil få enda større muligheter til å drive allsidig idrett, og sist men ikkje minst så vil enda fleire finne tilbudet attraktivt.

Bergsøy IL-Fotball sitt absolutte hovudmål er å drive mest mulig og best mulig idrettsarbeid for barn og unge. På det viset ønskjer vi å fremje folkehelsa og trivselen samt tilbudet til innbyggjarane i Herøy noko som igjen vil gjere Herøy til ein enda betre stad å bu.

Skal Bergsøy IL Fotball klare eit slikt løft er vi avhengig av eit positivt samspel med mange ulike parter, inkludert Herøy Næringsforum. Til orientering vil Herøy kommune bli søkt om gratis tomt samt ei forskutting av tippemidlar og meirverdiavgift. Vi søker også om ein kommunal garanti for låneopptaket Bergsøy IL Fotball eventuelt vil måtte ta opp i forbindelse med utbygginga.

Ei slik utbygging er i tråd med og eit ledd i satsinga der vi bl.a ser føre oss at Bergsøy IL Fotball skal ha eit 2.divisjonslag i fotball om ganske få år.

Bergsøy Idrettslag meiner ei slik satsing vil være eit stort løft for kommuna vår, og vil også vere eit viktig bidrag i det som kallast Herøyløftet 2020.

Bergsøy Idrettslag -Fotball

Pb. 12

6099 Fosnavåg

Tlf 70 30 44 30 / Mob 97 61 2301

Org.nr: 982 513 367 MVA

www.bergsoy.com



Eit foreløpig kostnadsoverslag og finansieringsplan har vi skissert slik;

Investeringsbehov:

Hall	18 000 000
Grunnarbeider	3 000 000
Øvrige kostnader	3 000 000
Byggekostnader ekskl. mva	24 000 000
25 % merverdiavgift	6 000 000

Totalinvestering	30 000 000
-------------------------	-------------------

Finansieringsplan:





MVA-kompensasjon	6 000 000
Spillemidler	5 500 000
RDA-midler, Banklån, Egenkapital	18 500 000

Finansiering	30 000 000
---------------------	-------------------

Basert på ovennevnte kostnadsoverslag og finansieringsbehov søker vi Herøy Næringsforum om kr. 18.500.000,- i tilskot.

Med helsing
Bergsøy IL-Fotball
Daglig leder

Tom Beddari



FORELØPIG TEGNING

Bergsøy IL Fotball Postboks 12 6099 Fosnavåg		BERGSØY IL	NY HALL
		BERGSØY IL KLUBBHUS	Prosjektdnr.: 183
			Rev dato:
			Dato: 25.02.2015
Rev	Beskrivelse	Dato	Tegna av: kbv
			Kontroll: Checker
			Målestokk:



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1529
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
28/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. UTHUS INDRE HERØY SOKN.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekome søknaden då søknaden ligg utanfor formåla med RDA- midlane / handlingsplanen.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Bergsøy IL-Fotball, Klubbhuset, Lisjebøvegen 12, 6091 Fosnavåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

«Styret anser denne søknaden å ligge utanfor formåla med RDA midlane / handlingsplanen. Det vart ikkje sett av midlar til dette prosjektet.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 21.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0034	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Kommunalt næringsfond			
Prosjektnavn	Uthus Indre Herøy kyrkje			

Kort beskrivelse

Uthus ved Indre Herøy kyrkje trenger restaurering. I dag er deler av huset brukt til teknisk rom for sprinkleranlegget til kyrkja. Det må fortsette å være der. Soknerådet ønsker og sette i stand resten av huset til møterom, kyrkjelydssal, søndagskole, kor mm.

Prosjektbeskrivelse

Uthuset har stått ved siden av kirka, kanskje siden 1916, da kirka ble bygd. Har vært toalett og boder der. I dag er det teknisk rom for sprinkleranlegg til kyrkja. Men resten av huset kan med en del midler og litt dugnad bli et møterom, kyrkjelydshus, søndagskole, korarbeid, konfirmantarbeid, trusopplæring og andre ting.

Huset er ca. 7 meter langt og 4 meter i bredde. Huset har reisverk i veggene som er delvis kledd innvendig, men utvendig er det liggende bordkledning.

Vindu og dører i huset blir skifta ut, veggene må vindtettes, isoleres, kles på begge sider. Gulvet har betongdekke i dag, kanskje det må tas opp og nytt gulv må legges. Muligens med varme.

Taket er et skifertak. Det må legges om igjen med ny papp, lekter og skifer tilbake igjen. Dette med taket ser vi for oss at en setter vekk til en entreprenør som kan dette.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Indre Herøy sokneråd Org.nr:999.999.999	Lisjebøvegen 1 6091 FOSNAVÅG	95843151
Kontakt- person	Anders Vold Enerhaug	Grøndalsvegen 22 6070 TJØRVÅG	95843151
Prosjekt- leder	Anders Vold Enerhaug	Grøndalsvegen 22 6070 TJØRVÅG	95843151

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Soknerådet har ønsket seg kyrkjelydshus i mange år. Det har vært tenkt mange tanker og lagt fram mange forslag. Uthuset ved siden av kyrkja i dag må stå der og holdes ved like siden deler av det brukes til teknisk rom for sprinkleranlegget til kyrkja. Så hvor for ikke sette i stand huset slik at resten av arealet kan brukes til møterom, samlingsrom for aktiviteter og folk i kyrkjelyden.

Prosjektmål

Målet er å få huset restaurert slik at det kan brukes til møte og aktivitetshus for kyrkjelyden. Mye må gjøres med huset. Det en enkel standard i dag, men kan bli et brukbart hus med litt innsats.

Vi har soknerådsmøter, kyrkjelydsmøter og andre møter i kyrkja i dag. Konfirmanter, trusopplæring og søndagskole er også brukere av et slikt lokale. Behovet for dette huset er etterlengta og stort. Huset er i dag inndelt i boder og gamle toalett. Men huset kan lett åpnes helt til et stort rom for all slags bruk.

Forankring

Prosjektet er det Indre Herøy sokneråd som står bak. Soknerådet er bruker og eier av kyrkja og uthuset. Økonomisk drift av disse husene er det Herøy kyrkjelege fellesråd som har ansvaret for. Dette prosjektet er soknerådet prosjektleder med dugnad på mye av arbeidet. Mens noe av arbeidet vil bli satt vekk til entreprenører som kan ta på seg slike jobber. Dette gjelder særlig tak, men også elektrisk og rørlegger arbeid.

Prosjektorganisering

Prosjektet blir organisert av soknerådet med en arbeidsgruppe som har ansvaret for framdrift og dugnadsinnsats. Herøy kyrkjelege fellesråd og kyrkjevevja vil bli kobla inn på deler av prosjektet

Samarbeidspartnere

Samarbeidspartnere blir Herøy kyrkjelege fellesråd, kyrkjeverge, sokneråd, dugnads interesserte og eventuelle givere/sponsorer til prosjekt.

Aktiviteter

Det er mange aktiviteter som kan bruke et slikt hus. Vanlige møter i styrer og lag, men også aktiviteter som kyrkjelyd og ansatte i prestegjeldet driver. Vi har store aktiviteter innenfor trusopplæring, konfirmantarbeid, søndagskole under gudstenestene, kirkekaffer, årsmøter og kyrkjelydsfester. Brukere kan være mange forskjellige og i forskjellige aldersgrupper.

Målgrupper

Målgruppa er befolkninga generelt, hele soknet med smått og stort kan ha nytte av et slikt hus til møter og aktiviteter.

Resultat

Resultatet av et slikt prosjekt er at vi får et lokale vi kan bruke til alle aktiviteter vi har i kyrkja. Ikke bare bruke kyrkjerommet, men en har mulighet til å samle mindre grupper i mindre rom.

Dugnadsarbeid kan også gi effekter i en kyrkjelyd med større samarbeid, samhold og det sosiale i et slikt prosjekt

Effekter

Effektene av et slikt prosjekt kan være mange. Men det har lenge vært behov for et lokale ved siden av kirka til aktiviteter. Noen effekter kan være større oppslutning om tilbudene kirka har å gi til folket, bedre tilbud til folk i alle aldre, vi kan kjøre to aktiviteter samtidig, som gudstjeneste og søndagsskole.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Tidsplanen er ikke så klar, det hele avhenger av når en vet om en kan få støtte til et slikt prosjekt og om hvor mye en kan få.

Prosjektet kan deles i to, Tak som vil bli utført av proffe, og resten som blir utført på dugnad. Indre Herøy kyrkje blir 100 år i september i 2016, så fint hvis det kunne være klart til de tider. Dugnadsgjengen og entreprenører kan i løpet av 2016 gjennomføre dette prosjektet hvis midlene ligger til rette for det.

Midler til slike prosjekt over vanlig kyrkjebudsjett vil stå lenger ned på prioriteringslista.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Dører og Vinduer		50 000				50 000
Elektrisk		50 000				50 000
Innventar og møbler		50 000				50 000
Materialer		150 000				150 000
Omleggeing av Tak		200 000				200 000
Rørlegger		50 000				50 000
Sum kostnad		550 000				550 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Gaver og innsamling		50 000				50 000
Herøy kommune	500 000					500 000
Sum finansiering	500 000	50 000				550 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
P4150001.JPG	140 592	27.10.2015



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1618
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. KYRKJELYDSHUS FOR LEIKANGER SOKN.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekomme søknaden då søknaden ligg utanfor formåla med RDA- midlane / handlingsplanen.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn v/Jon Arne Rødskar, Rosskarvegen 26, 6080 Gurskøy
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

«Styret anser denne søknaden å ligge utanfor formåla med RDA midlane / handlingsplanen. Det vart ikkje sett av midlar til dette prosjektet.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 21.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0047	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Søknad om tilskott til ENØK-tiltak og vedlikehold/oppgradering av fasade.			

Kort beskrivelse

Bygningen som Kyrkjelydshus for Leikanger sokn held til i er ein mustein / betongbygning frå 1963. Kontorlokala, frå førre eigar Sunnmøre Energi si tid, i andre etasje er kalde og trekkfulle. Delvis utleige av desse lokala har vore ein betydeleg bidragsytar til drift av kyrkjelydshuset, men energikostnadane tar ein stor del av leigeinntekta. Vi meiner at fornuftige ENØK-tiltak vil kunne gjere lokala meir komfortable og attraktive samstundes som det betrar økonomien betydeleg. Fasaden er slitt.

Prosjektbeskrivelse

ENØK-tiltak gjennom isolering av himling og vegger i andre etasje og montering av varmepumpeteknologi.

Renovere fasaden gjennom å montere Steni plater eller tilsvarande.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn Org.nr:979 574 622	v/Jon Arne Rødskar Rosskarvegen 26 6080 GURSKØY	905 81 375
Kontakt- person	Jon Arne Rødskar	Rosskarvegen 26 6080 GURSKØY	905 81375
Prosjekt- leder	Jon Arne Rødskar	Rosskarvegen 26 6080 GURSKØY	905 81 375

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Det er høge energikostnader med å varme opp lokala i andre etasje. Det elektriske opplegget gjer det vanskeleg å fordele forbruk på einskilde leigetakerar og det er soleis operert med straum inkludert i leigetaksten.

Fasaden treng sårt vedlikehald, men styret for stiftinga ser det som ei betre løysing å få oppgradert til ei vedlikeholdsfri fasade enn å flikke på det gamle. På lengre sikt ser vi at ei renovering av fasade vil gi ein økonomisk vinst.

Prosjekt mål

Få eit meir energi-økonomisk bygg og få stansa forfallet på fasaden.

Forankring

Tiltaka vil ikkje vere av ein slik art at det skal kunne kome i konflikt med reguleringsplanen.
Om renovering av fasade skulle gi visuelle endringar av ein slik art at det genererer krav om nabovarsel vil dette sjølvstendig bli gitt.

Prosjektorganisering

Stiftingsstyret i samarbeid med lokal tømmer.

Samarbeidspartnere

Kyrkja den Norske ved Leikanger Sokneråd

Kulturelle tiltak tilknytte huset.

Tverrkirkeleg fellesskap som nyttar møtelokala.

Aktiviteter

Isolering av på loft eventuelt isolere himling i andre etasje.

Tetting og isolering av yttervegg i andre etasje.

Om det viser seg formålstjenleg redusere areal med vindauge til fordel for isolert vegg.

Montering av varmepumpeteknologi, fortrinnsvis ventilasjonsvarmepumpe med høve til å distribuere energien både til andre og første etasje.

Ventilasjonsanlegg med varmeveksler er alt installert i begge etasjane.

Reparere skadar på og pusse opp/fornye fasaden slik at det framtidige vedlikholdsbehovet vert minst mogleg.

Målgrupper

Befolkninga i Leikanger sokn generelt med særleg vekt på kyrkjerelatert aktivitet og kulturarbeid for barn og unge.

Styret for stiftinga tilgodeser barne og ungdomsarbeid når det gjeld pris for å bruke lokala.

Involvering i prosjektet vil bli gjennom å oppmode folk i bygda til dugnadsinnsats.

Resultat

Reduksjon i energikostnader.

Heving av standard på utleigelokale med høve til auka leigeinntekter.

Stoppa ytre forfall gjennom renovering av fasade og fyljeleg få ein lågare årleg verdireduksjon på bygget totalt.

Effekter

Ein betre totaløkonomi for stiftinga og eit meir attraktivt bygg for bygdefolket.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Dei omsøkte prosjekta er såpass omfattande at når ein baserer seg på hovudsakleg dugnadsinnsats vil framdrifta bli moderat og det vil fyljeleg trekke noko ut i tid.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
						0
						0

Arbeid	60 000	60 000	120 000
Beslag		40 000	40 000
Festemidler fasade		15 000	15 000
Isolasjon loft / himling	40 000		40 000
Isolasjon vegg	30 000		30 000
Material - treverk		10 000	10 000
Vedlikeholdsfrie plater - fasade		150 000	150 000
Ventilasjonsvarmepumpe 2 anlegg	70 000		70 000
Sum kostnad	200 000	275 000	475 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Dugnadsinnsats		60 000	60 000			120 000
RDA-midler		140 000	215 000			355 000
Sum finansiering		200 000	275 000			475 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1516
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
30/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. KYRKJEKJELLAR HERØY KYRKJE.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekome søknaden frå Herøy kyrkje..

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Herøy kyrkje, 6091 Fosnavåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

«Det vert ikkje sett av midlar til dette prosjektet.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 22.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0046	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Kyrkjekjellar steg 3			

Kort beskrivelse

Ved hjelp av dugnad, gåver og innsparde midlar er to av tre steg i prosjekt kyrkjekjellar ferdig. Det som står ferdig er gymsal og eit lokale som brukast til alt frå ungdomstreff, selskaper og klubber for barn, vaksne og menneske med ulike utviklingshindringar. Steg 3 som vi mangler pengar til og som ikkje er ferdig er eit amfi som kan brukast til å vise film, halde konsertar i og undervisning, seminar etc.

Prosjektbeskrivelse

For å få amfi ferdig så treng vi pengar som går til tak og belegg som kjem på 100000kr og på stoler til ein verdi av 250000. Her har vi ein unik moglegheit til å samle mange nye og gamle aktivitetar/arrangement på ein stad i hjartet av Herøy. Her er det bare fantasien som settar grenser på kva man kan bruke kjelleren til når steg 3 er ferdig. Då har man ein kjeller som passer alle slags aldre og grupper i Herøy. Nokre døme kan være flyktningar, arbeidsinnvandrere, barn, ungdom, unge vaksne, eldre og menneske med ulike handikap. Kjelleren er allereie godt tilrettelagt for dei, både med heis, toalett og inngangsparti. Det siste byggetrinnet som vi søker om pengar til er til å få ferdig amfiet med tak, belegg og stoler.

Kontaktopplysningar

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Herøy kyrkje Org.nr:976997077	6091 FOSNAVÅG	95724702
Kontakt- person	Herøy kyrkje	6091 FOSNAVÅG	95724702
Prosjekt- leder	Herøy kyrkje	6091 FOSNAVÅG	95724702

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Bakgrunnen er at vi mangler pengar til siste byggesteg for kyrkjekjelleren. Teikningar og grunnarbeid er for det meste gjort, så pengane vil gå til tak, belegg og stoler. Dei andre byggestega er ferdige og mykje i bruk i dag.

Prosjekt mål

Målet er eit lokale som kan famne alle og med støtte til siste steg vil vi få ferdig ein kjellar der alle kan finne noko å bruke lokalet til. Det er bare fantasien som settar grenser. Hovudmålet er auka trivsel

blant alle deler av befolkninga også dei som er nye landet og som trengjer ein stad der dei kan få bli betre kjend med oss som bur her. Med støtta så vil kjelleren være heilt ferdig og klar til bruk også i amfiet.

Forankring

Dette er siste steg i eit arbeid som er godkjent på alle måter og i samsvar med dei godkjente byggeteikningane.

Prosjektorganisering

Dei som leder arbeidet har ledet arbeidet på dei forrige byggestega også. Kompertansen er difor god.

Samarbeidspartnere

Her er lagt ned utruleg mykje arbeid på dugnad og pengegåver frå ulike bedrifter og privatpersonar, så her har det vore veldig mange samarbeidspartnere som har bidratt med finansiering.

Aktiviteter

Her trengjer man tak og belegg, samt stoler til amfiet for fullføre prosjektet.

Målgrupper

Her er alle grupper i befolkningen målgruppe. Her gir vi folk ein unik moglegheit til å ta i bruk eit lokale som er ganske eineståande og vi trur at dette er med på å bidra til auka trivsel her i området vårt.

Resultat

Prosjektet vil være kronen på verket og siste steg i arbeidet med å få en kjeller med store muligheter for skape enda fleire positive og gode tiltak/aktivitetar i Herøy. Ein kjellar som kan fylles med arrangementer og aktivitetar for alle lag og grupper i befolkninga. No har kjelleren Heis, toaletter og dusj, musikkanlegg, barløyising, biljardbord, bordtennisbord og Gymsal. Når prosjekter er ferdig vil den også ha eit amfi der man kan sjå film, ha konsertar og undervisning/seminarer. Resultatet av prosjektet vil være ein kjellar som vil fylles opp med endå fleire aktivitetar enn dei som allerede er der. No har vi ein ungdomsklubb, samt tre klubber til for barn i skulealder. Vi har Swingkurs i gymsal og familiekrik der som er godt besøkt. I tillegg er det ein møteplass for mennesker med ulike utviklingshindringar som møtast annankvar tysdag. Konfirmantane i Herøy bruker også lokalet kvar gong det er konfirmantsamlingar. Vi leiger også lokalet ut til bursdagsselskap og foreiningar.

Effekter

Når prosjektet er ferdig så vil Herøy ha eit lokale med såpass mange gode kombinasjoner av moglegheiter som er ganske unikt. Folket i Herøy og omegn vil få ein plass med rom til det meste av fritidsaktivitetar for små og store, unge og gamle. Risikoen ligg vel på at det blir for lite brukte, men basert på utviklinga av aktivitetar frå steg 1 og 2 der aktiviteten har auka jamnt heile vegen og med det engasjementet og interessen man finner i Herøysamfunnet så føler vi oss sikre på at det går bra.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Arbeidet vil starte opp så fort som mogleg der er kommet pengar til å få det utført. Teikningar og grunnarbeid er allereie utført.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Stoler		250 000				250 000
Tak og belegg		150 000				150 000
Sum kostnad		400 000				400 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Herøy kommune	400 000					400 000
Sum finansiering	400 000					400 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/271
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
31/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. HANDICAPTOALETT BØ OG SANDE BEDEHUS.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekome søknaden.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Bø og Sande Bedehus, Sandevegen 11, 6095 Bølandet
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

«Styret anser denne søknaden å ligge utanfor formåla med RDA midlane / handlingsplanen. Det vart ikkje sett av midlar til dette prosjektet.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 22.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2016-0001	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Tilbygg med handicapttoalett m.m			

Kort beskrivelse

Tilbygg til eksisterande Bø og Sande Bedehus , som mangla handicapttoalett, byttekott samt naudutgang frå stor møtesal for evt. rullestolbrukarar.

Prosjektbeskrivelse

Bø og Sande Bedehus har fått teikna og kostnadrekna med Byggfah Herøy kva eit slikt tiltak vil koste. Bedehuset er over 40. år og har behov for oppgradering etter dagen brukarbehov. Den totale kostnaden er utrekna til kr. 259166,- m. moms. Snikkar arbeid er inklusivt dette beløpet med ca. kr. 78000,- + moms. Planen er å utføre alt snikkar arbeid på dugnad.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Bø og Sande Bedehus Org.nr:999006485	Sandevægen 11 6095 BØLANDET	92653350
Kontakt- person	Odd Arvid Bø	Bøvegen 38 6095 BØLANDET	92653350
Prosjekt- leder	Odd Arvid Bø	Bøvegen 38 6095 BØLANDET	92653350

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Bedehuset var ferdigbygt på 1960 talet, og er berre utstyrt med to små toalett i kjellaren, som ikkje stettar brukarkrava etter dagens behov.

Prosjekt mål

Det har dei siste 10 åra blitt utført eit omfattande vedlikehald av Bedehuset. Kan nemne nytt tak, nye vindu begge etasjer, nytt el. inntak, oppgradering av det branntekniske, varmepumpe m.m., der mesteparten av arbeidet er utført på dugnad, finansiert med gåver og kollekt. Målet er å på plass eit handicapttoalett m/ stellerom og byttekotte i år og få lagt inn varmt vatn i denne etasjen. Bedehusstyret set sin lit til at det kan tildelast RDA midler til dette prosjektet, som kjem inn under kultur :)

Forankring

Alle busett i krinsen er medeigarar av Bø og Sande Bedehus, som er eit Kristent "Fyrtårn" i bygda. Der

store og små kan få høyre Guds ord, frå lokale krefter eller frå tilreisande emiserer. Kjellaren/huset blir brukt til rusfrie bursdager for barn og unge, og til konfirmasjoner. I tillegg møtes ein del damer fast, med bunadarbeid, strikking og sygruppe i felleskap. Bedehuset har vore brukt og kan brukast vederlagsfritt til begravelser.

Prosjektorganisering

Formann i styret Odd Arvid Bø, vil vere prosjektansvarleg. Formannen har vore bygningsmann i over 40 år, og bygt fleire hus. Han vil leie dugnadsfolket på ein fagmessig måte.

Samarbeidspartnere

BYGGFAG HERØY - Bygg og System v / Johnny Storøy 6092 Fosnavåg.

Aktiviteter

Dette er ein religiøs organisasjon, for øvrig den einaste rusfrie møteplassen i bygda. Her er møter for små og store, basarer, songkafe, møteplass/ handarbeid for kvinner, rusfrie bursdager for barn og unge, konfirmasjoner og evt. begravelser.

Målgrupper

Barn og unge, voksne og eldre. Også barn frå andre bygder bruker bedehuset til bursdagsfeiring.

Resultat

?

Effekter

Å kunne gi eit lokalt tilbod om ein rusfri møteplass barn og unge, ser ein som svært viktig i dagen samfunn.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Grunnarbeidet vil ta litt tid, og vere avhengig kor mange som møter opp på dugnad. Sjølve bygningsarbeidet er utrekna til 150 timar. Vi vil satse på å vere ferdige til august d.å.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
						0
259166	165 000					165 000
Sum kostnad	165 000					165 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Herøy kommune	165 000					165 000
Sum finansiering	165 000					165 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
0a.jpeg	410 864	20.02.2016
0b.jpeg	448 396	20.02.2016
0c.jpeg	403 320	20.02.2016
bøø.jpeg	331 911	20.02.2016
bøøø.jpeg	271 802	20.02.2016
firma.jpeg	245 987	20.02.2016



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/419
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. KJØKKEN FRØYSTAD BEDEHUS.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekome søknaden då søknaden ligg utanfor formåla med RDA- midlane / handlingsplanen.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Frøystad bedehus, Torvika 21, 6095 Bølandet
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

«Styret anser denne søknaden å ligge utanfor formåla med RDA midlane / handlingsplanen. Det vart ikkje sett av midlar til dette prosjektet.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 22.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0010	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Tilskot kjøkken Frøystad bedehus.			

Kort beskrivelse

Oppussing av kjøkkenet ved Frøystad bedehus.

Arbeid som er gjort:

- to yttervegger er lekta inn, isolert og plata.
- støpt nytt golv med sluk og varmekablar.
- ny oppvaskdel med steam-maskin.
- ny komfyr og damp-ovn.
- nytt ventilasjonsanlegg.
- installert kjølerom.
- nytt røropplegg.
- nytt elektrisk opplegg og ny belysning.
- tak og veggar er mala.
- eksisterande kjøkkeninnreiing er pussa opp og mala.
- montert nytt brannskap.
- skifta vindu på eit møterom.

Prosjektbeskrivelse

Frøystad bedehus er eigd av Frøystad krins. Huset er brukt av lag, organisasjonar og privatpersonar til kristne møte, kulturelle arrangement og festar av ulike slag og til meir folkeopplysande møte.

Huset er også brukt til barnearbeid som barneklubb, -kor og søndagsskule m.v.

Bedehuset er grendahuset vårt og har stor verdi for krinsen. Huset er mykje brukt ved konfirmasjonar og andre selskap av folk både i og utanfor krinsen.

Frøystad bedehus vart bygt på 1950-talet. I 2010- 2011 vart storsalen/matsalen/garderobe og toalettavdeling pussa opp for over 600 000 kr.

I 2014 har vi renovert kjøkkenet som har vore uendra sidan huset vart bygt. Kjøkkenet var ikkje lenger tenleg for arrangement med matservering. Det nye kjøkkenet vart teke i bruk på nyåret 2015. Kjøkkenet er no godt eigna for utleige, noko som på sikt vil kunne styrke økonomien ved auka leigeinntekter.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
----------	------	------------------	-------

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Frøystad bedehus Org.nr:994 087 177	Torvika 21 6095 BØLANDET	97543767
Kontakt- person	Olav Torvik	Torvika 21 6095 BØLANDET	97543767
Prosjekt- leder	Inge Torvik	- 6095 BØLANDET	480 55 262

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sjå under søknadsopplysningar.

Frøystad bedehus er grendahuset i Frøystad krins.

Huset vart bygt på 1950-talet. Kjøkkenet har vore uendra sidan då.

Kjøkkenet var ikkje lenger tenleg for arrangement med matservering.

Kjøkkenet er etter oppussing godt eignafor utleige, noko som på sikt også vil kunne styrke økonomien.

Allereie stor auke i interesse for utleige. M.a. er det tinga til konfirmasjonar i mange år framover.

Etter at storsalen/matsalen/garderobe og toalettavdeling vart pussa opp i 2010-2011 for over 600 000 kr. var det no kjøkkenet som stod for tur. Det har også vore gjort mykje arbeid utvendig med m.a. taket siste åra.

Prosjekt mål

Målet med prosjektet er at huset skal bli tenleg for arrangement med matservering.

Det er også eit mål at huset skal vere eigna for utleige.

Vi ser allereie stor auke i interesse for utleige.

Forankring

Frøystad bedehus er grendahuset i Frøystad krins. Huset er eigd av krinsen og ein stor del av kostnaden blir dekt ved innsamla midlar i krinsen og ved dugnad.

Prosjektorganisering

Herøy Byggsenter var ansvarleg for gjennomføring av prosjektet. Inge Torvik ved Herøy Byggsenter var ansvarleg byggeleiar.

Samarbeidspartnere

Har fått kr. 20 000 i gave frå Sparebanken Møre.

Aktiviteter

For beskrivelse av arbeidet sjå under søknadsopplysningar.

Målgrupper

Frøystad bedehus er grendahuset i Frøystad krins.

Resultat

Sjå tidlegare opplysningar.

Effekter

Sjå tidlegare opplysningar.

Tids- og kostnadsplan**Tidsplan**

Prosjektet vart gjennomført i 2014.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Div, maling, golvbelegg	22 000					22 000
Eigeninnsats, 150 t à kr. 200	30 000					30 000
Elektrikar	50 000					50 000
Herøy Byggsenter	91 000					91 000
Rørleggar	35 000					35 000
Snikkar	64 000					64 000
Termo storkjøkken	153 000					153 000
Ventilasjon	20 000					20 000
Sum kostnad	465 000					465 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Dugnad	30 000					30 000
Herøy kommune	100 000					100 000
Innsamla midlar/gaver	100 000					100 000
Lån	235 000					235 000
Sum finansiering	465 000					465 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/396
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
33/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. JUBILEUMSAVIS HERØYSPELET.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekome søknaden.

Herøy Næringsforum marknadsfører aktivitetar i Herøy gjennom eiga annonsering, Molo magasin, ferjereklame og web. Ved å gi Herøyspelet god eksponering i desse kanalane, som når ut i den same regionen som var tenkt her, vil ein oppnå god effekt og spare kostnader til distribusjon, trykking etc.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Bergsøy IL-Fotball, Klubbhuset, Lisjebøvegen 12, 6091 Fosnavåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

«Herøy Næringsforum marknadsfører aktivitetar i Herøy gjennom eiga annonsering, Molo magasin, fergereklamer og web. Styret meiner at ved å gi Herøyspelet god eksponering i desse kanalane som når ut i den same regionen som var tenkt her, vil ein oppnå god effekt og spare mange kostnader til distribusjon, trykking etc. Det vart ikkje sett av midlar til dette prosjektet.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 21.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2016-0003	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Jubileumsavis Herøyspelet			

Kort beskrivelse

I samband med jubileumssesongen til Herøyspelet der spelet vert sett opp for 25. gong, ønskjer vi å gi ut ei jubileumsavis som kan fortelje om spelet, historia til spelet - og totalopplevinga med å besøke Herøy og Herøyspelet

Prosjektbeskrivelse

Herøyspelet markerer sitt 25-årsjubileum i 2016. 50.000 menneske har sett spelet. Og vi ønskjer å nå endå fleire. Som eit verkemiddel vil vi bruke jubileumssesongen til å fortelje den store forteljinga om Herøyspelet; korleis det vart til og korleis det har vakse fram.

Då tenkjer vi ei avis eller magasin der vi har rikeleg plass til bilde som viser stemning og kvalitet på spel og øya Herøy. Sidan vi tenkjer å nå ut med avisa til Søre Sunnmøre, Nordfjord og

Ålesund-regionen, vert det viktig og også peike på aktivitetar og opplevingar elles i Herøy som kan kombinerast med eit besøk på spelet.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker /	Herøyspelet	-	954 56 945
Prosjekteier	Org.nr:976052994	6099 FOSNAVÅG	
Kontakt-	Tor Sindre Steinsvik	Steinsvikvegen 1	97077209
person		6095 BØLANDET	
Prosjekt-	Torill Myren	Sævik 86	90201235
leder		6094 LEINØY	

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Herøyspelet har tidlegare fått støtte frå RDA-midlane i Herøy. Spelet får også kommunal og fylkeskommunal støtte.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Herøyspelet vart vist første gong i 1992. Det tek utgangspunkt i ei hending som er skildra i Snorre der Olav Haraldsson var på Herøy i 1027. Rundt det har forfattar Rolf Losnegård spunne ei historie om kjærleik og sjalusi, ungdomsopprør og kamp mellom gamal og ny både tid og tru. Kvart år vert historia fortalt gjennom eit teater der ei handfull profesjonelle og hundre amatørar spelar fram store stemningar og vare augneblikk. Stadthavet er storslagen bakvegg og orkester med symfonisk brassbesetning, stort kor og spesialskriven musikk gjer dette til ein av dei få vikingmusikalane. Herøyspelet er også eit av dei få Olavsspela i landet.

No er spelet inne i sin 25. sesong og det er tid for å ta eit steg vidare til å bli eit spel folk reiser til.

Prosjektmål

Gjennom ei jubileumsavis kan ein få vist fram meir av spelet - og til fleire - enn det ein har kapasitet til i eit vanleg driftsår.

Jubileumsavisa er eit historisk dokument som oppsummerer historia til spelet så langt. Det vil vere ein nyttig basis framover og ei lokalhistorisk viktig oppsummering.

Forankring

Herøyspelet er forankra i lokalsamfunnet gjennom dei 350 aktørane som kvart år bidreg til å setje opp spelet.

Forankringa er også godt festa nettopp gjennom at dette er årlege arrangement og alltid første helga i juli. Spelet har heilt klart vorte ein tradisjon som for svært mange er av årets merkedagar.

Spelet som organisasjon er både ein del av Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune si kultursatsing, mellom anna gjennom å vere eit av dei fire store spela i heile fylket.

Spelet er i tillegg forankra i Samfunnsplanen til Herøy kommune gjennom satsing på folkehelse og barn og unge. I samband med Herøyspelet er øya Herøy opna opp for besøkande med godt tilrettelagde stiar, delar av dei også tilrettelagt for rullestol brukarar. Spelet er dessutan eit generasjonsprosjekt der storfamiliar deltek og der barn og vaksne deltek på lik line. Slik gjer spelet Herøy til ein betre stad å vekse opp og ein attraktiv stad for familiar å busetje seg.

Spelet gir dessutan kunnskap om lokalhistorie - som her heilt tydeleg er ein del av vår store nasjonale historie - , den gir interesse for det historiske hjartet i Herøy, øya Herøy, og innsikt i korleis forfedrane våre levde.

Prosjektorganisering

Styret i Herøyspelet vil vere eigar av prosjektet. Torill Myren i Ekkoloddet vil vere prosjektleiar og ha ansvar for tekst og framdrift. Ei jubileumsavis vil bli til i eit samspel mellom betalt arbeid og dugnadsinnsats.

Samarbeidspartnere

Torill Myren i Ekkoloddet vil bli leigd inn av Herøyspelet som prosjektleiar og tekstforfattar. Det vil bli brukt lokalt Herøy-firma til det grafiske og i stor grad vil ein bruke eige fotoarkiv. Dersom det trengst nye bilde, blir Siv Nærø, profesjonell fotograf i Herøy, leigd inn.

Aktiviteter

Jubileumsavis eller jubileumshefte.

Gjennom tekst og bilde vise fram, i prioritert rekkefølge, Herøyspelet, øya Herøy og kommunen Herøy.

Målgrupper

Målgrupper er både lokalt og regionalt.

Det finst fortsatt folk i Herøy som ikkje har sett Herøyspelet. Dei må vi nå, men spelet og spelhelga har kvalitetar som gjer at det kan seljast regionalt - og også nasjonalt. I denne omgang ser vi føre oss å nå tak i alle husstandar på Søre Sunnmøre og Nordfjord, eventuelt også stor-Ålesund.

I tillegg er alle noverande og tidlegare aktørar av Herøyspelet i målgruppa i samband med at dette også vil bli ei oppsummering av dei 25 sesongane for Herøyspelet.

Resultat

Ei jubileumsavis vil ha som resultat at ein får samla spelet si historie og at ein får synleggjort spelet i

større breidde.

Effekter

Effekten av ei jubileumsavis vil vere auka stoltheit og identitet både hos deltakarar i spelet og avviklinga av spelhelga, ,men også hos innbyggjarane i Herøy. I den samband vil ein også auke kunnskap om Herøyspelet, øya Herøy og kommunen Herøy.

Ein annan effekt vil vere at ein når vidare til endå fleire med informasjon om spelet, kvalitetar og stemningar. Ein aukar kunnskapen om spelet, øya og kommunen i heile regionen og synleggjer både spelet, øya og kommunen som eit reisemål.

Auka kunnskap om og interesse for lokall historie og vikingtid vil også vere ein effekt.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Mars og april - innsamling av stoff.

Mai - grafisk utforming

Juni - trykking og distribusjon

Juli - jubileumsavisa brukt som programblad under sjølve spelhelga

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Foto	20 000					20 000
Grafisk utarbeiding	50 000					50 000
Innhaldsproduksjon	50 000					50 000
Trykking og distribusjon	120 000					120 000
Sum kostnad	240 000					240 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Annonseal	25 000					25 000
Eigenbetalt innhaldsproduksjon	20 000					20 000
RDA-støtte	165 000					165 000
Verdi av dugnadsinnsats foto(arkiv)	30 000					30 000
Sum finansiering	240 000					240 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1530
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
34/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. PIRFESTIVALEN 2016.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på 175.000 kr til marknadsføring og gjennomføring av Pirfestivalen 2016. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 1.b, 1.c, 2.a og 2.c

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt

tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Herøy Ungdomsråd, Holmsildgt 16, 6090 Fosnavåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi, her

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 24.11.15:

«Marknadsføring og gjennomføring: 175 000,-

Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 1.b, 1.c, 2.a og 2.c.

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 23.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0036	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Pirfestivalen 2016			

Kort beskrivelse

Rusfri ungdomsfestival

Prosjektbeskrivelse

Pirfestivalen er eit av dei største rusfrie arr i distriktet og består av konsert med store norske artistar i lag med lokale artistar. Høg fokus på nulltoleranse, vakthald og transport heim. Arrangør er Herøy ungdomsråd. Herøy fikk prisen som årets ungdomskommune i 2011 og 2014 mykje på grunn av dette arrangementet

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Herøy Ungdomsråd Org.nr:Org.nr985054010	Holmsildgt 16, 6090 FOSNAVÅG	95465858
Kontakt- person	Mathias Dybvik	Djupvikvegen 114 6080 GURSKØY	41206627
Prosjekt- leder	Mona-Grethe Ryssevik	Holmsildgt 16 6090 FOSNAVÅG	95465858

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

2013 Herøy næringsforum 100000 Pirfestivalen

2014: Herøy næringsforum 125000 Pirfestivalen

2015: Herøy næringsforum 175000 Pirfestivalen

Spesifikasjon

Bakgrunn

Pirfestivalen er eit resultat av at Herøy ungdomsråd ønsker å ha eit rusfritt alternativ for ungdom

Prosjektmål

Å kunne tilby ungdom ein flott konsertopplevelse i eit rusfritt og trygt miljø. Det er også ønske om fleire aktivitetar på dagtid slik at arrangementet går over 12 timar, samt gratis buss heim til alle bygdene i kommunen

Forankring

Med bakgrunn i evaluering av Pirfestivalen 2015 har Herøy ungdomsråd ønske om å vidareføre og vidareutvikle dette ungdomstilbodet

Prosjektorganisering

Styringsgruppe: Herøy ungdomsråd

Prosjektleder: koordinator for ungdomsrådet, Mona-Grethe Ryssevik

Arbeidsgruppe/resurspersonar vert tilført prosjektet etter behov

Samarbeidspartnere

Vi ønsker å ha ulike aktivitetar på dagtid som paintball, go-cart, sandvolleyball, samarbeid med Sunnmørsbadet etc. På kveldstid blir det konsert med store norske artistar og lokale band/artistar. Etter konsertane blir ungdommane frakta heim i buss

Aktiviteter

Ulike aktiviteter på dagtid som: paintball, go-cart, sandvolleyball, tennis, rånebiltreff, konkurranser etc

Målgrupper

ungdom 13-19 år

Resultat

Innsatsfaktorer: Arbeidskraft (frivillige og prosjektleders tid) Kapital: Ulike tilskotsordninger.

Aktivitetar: Ulike utendørsaktivitetar på dagtid (paintball, go-cart etc) Konsert på kveldstid.

Produkter/tjenester: Legge til rette for at unge artistar skal ha noko å øve fram imot samt at dei får ein fantastisk konsertopplevelse ved å opptre ilag med nasjonale stjerner. Brukereffekt: Sosialt fellesskap i eit trygt rusfritt arrangement. Trygg heimreise og gode kulturopplevingar. Samunnseffekt: Trygge, gode oppvekstmiljø og moglegheit for fritidsaktivitet kan føre til at ungdommane busett seg i kommunen etter endt utdanning

Effekter

Viser til brukereffekt og samfunnseffekt under resultat

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Arbeidet med å booke lokale, lys, lyd og artistar startar i januar/februar 2016. Aktivitetar i samarbeid med lag og organisasjonar startar våren 2016. Gjennomføring av Pirfestivalen blir første helga i september 2016

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Artistar/lys/lyd/lokale		200 000				200 000
Buss		15 000				15 000
Markedsføring		70 000				70 000
Vakthald		20 000				20 000
Sum kostnad		305 000				305 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
andre sponsorar		130 000				130 000
Herøy kommune	175 000					175 000
Sum finansiering	175 000	130 000				305 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
kø_pir.jpg	4 147 293	27.10.2015



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1528
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
35/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. FOSNAVÅG VEKA 2016.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på 150.000 kr til marknadsføring og gjennomføring av Fosnavåg veka 2016. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 1.b, 1.c, 2.a og 2.c

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med

retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Fosnavåg Handelsforening, 6090 Fosnavåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi, her

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 24.11.15:

«Marknadsføring og gjennomføring: 150 000,-

Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 1.b, 1.c, 2.a og 2.c.

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 23.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0037	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Fosnavåg Veka 2016			

Kort beskrivelse

Fosnavåg Veka er eit arrangement som skal ha deler av tidlegare Maritim Sommarfestival sitt folkefestpreg i kombinasjon med Fosnavåg Rock

Prosjektbeskrivelse

Fosnavåg Veka blir arrangert i Juni på ei tid der vi i mange år har hatt ein stor og godt etablert festival. Programmet skal appellere til heile familien og bidra til å skape identitet, og gi kystbyen ei god atmosfære.

Dette prosjektet er til gratis underhaldning, salgsstandar og aktiviteter i heile sentrum.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Fosnavåg Handelsforening Org.nr:995590514	- 6090 FOSNAVÅG	97777850
Kontakt- person	Frank Lied	Borgarhaugvegen 10 6091 FOSNAVÅG	97777850
Prosjekt- leder	Frank Lied	Borgarhaugvegen 10 6091 FOSNAVÅG	97777850

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

En gang til Fosnavåg Veka 2015

Spesifikasjon

Bakgrunn

Etter at Maritim Sommarfestival vart nedlagt har det kome sterke ynskje frå publikum og næringsliv om at det er viktig med ein "festival" på denne tida.

Prosjektmål

Skape aktivitet og markedsføre Fosnavåg som ein attraktiv by der innbyggjarane og tilreisande trivast.

Forankring

Det har vore ein lang tradisjon med diverse aktiviteter på denne tida. Til dømes festivalar og Fosnavåg Konferansen.

Prosjektorganisering

Prosjektet blir leia av personer frå Fosnavåg Handelsforening og tidlegare Maritim Sommarfestival. Fleire har over 20års erfaring med festivalarrangement.

Samarbeidspartnere

Frivillige lag og organisasjonar og sponsorar.

Aktiviteter

Gratis underholdning for alle aldersgrupper, salgsboder og aktiviteter frå frivillige lag og organisasjoner.

Målgrupper

Markedsføre Fosnavåg og Herøy Kommune.
Skape trivsel og identitet i alle aldersgrupper.

Resultat

Økt handel.
Skape trivsel og bulyst.

Effekter

Økt handel.
Skape trivsel og bulyst.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Aktivitetar heile veka og avslutning med Fosnavåg Rock.

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Artister		100 000				100 000
Lyd lys		30 000				30 000
Markedsføring		40 000				40 000
Straum/teknisk		20 000				20 000
Sum kostnad		190 000				190 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Herøy kommune	150 000					150 000
Sponsorar		30 000				30 000
Standleige		10 000				10 000
Sum finansiering	150 000	40 000				190 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1372
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
36/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. HERØY SOGELAG. SKOTHOLMEN.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekome søknaden frå Herøy Sogelag om lokalhistorisk bok om Skotholmen.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Johan Moltu, Remøy 102, 6094 Leinøy
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi, her

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 24.11.15:

*«Følgjande søknadar vart ikkje støtta:
Herøy Sogelag/Torill Myren bokprosjekt.»*

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 23.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0026	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Lokalhistorisk bok om Skotholmen			

Kort beskrivelse

Det har budd folk og vore drive handel på Skotholmen i Herøy fleire hundre år. Sommaren 2016 startar det opp ny aktivitet på holmen med fokus på matopplevingar. I samband med ny aktivitet på Skotholmen ønskjer Herøy sogelag å bruke interessa som vil bli for holmen til å fortelje om Herøy si lokalhistorie, handelsstadshistorie og krigshistorie

Prosjektbeskrivelse

Herøy sogelag har til oppgave å ta vare på folkeminne, segner og anna tradisjonsstoff ved å få det nedskrive eller gjere opptak med folk som kan fortelje om slike ting, og likeeins ta vare på dagbøker, brev, bilete og anna av historisk verdi.

Med dette som utgangspunkt ønskjer vi å få samla og delt meir kunnskap om Skotholmen.

Skotholmen har vore handelsstad i fleire hundre år, og med å fortelje om denne eine holmen vil vi både få fram Skotholmen si historie, men også meir om handelsstadshistoria i Herøy generelt. I tillegg har Skotholmen ei innhaldsrik og sterk historie under andre verdskrig i samband med mellom anna Shetlands-trafikken. Dette er lite kjent også i nærmiljøet.

Med nyopning og ny aktivitet på Skotholmen vil det vekkje interesse for Skotholmen på så mange vis, og sogelaget ønskjer å samle historia frå holmen. Alt råmateriale frå intervju vert samla hos oss, i tillegg til at det skal bearbeidast og giast ut i bokform. Vi ser føre oss ei bok som både vil vere av interesse for lokalbefolkninga og turistar.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Johan Moltu Org.nr:970196609	Remøy 102 6094 LEINØY	91568576
Kontakt- person	Johan Moltu, Herøy sogelag	Remøy 102 6094 LEINØY	91568576
Prosjekt- leder	Johan Moltu, Herøy sogelag	Remøy 102 6094 LEINØY	91568576

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Herøy sogelag er eit aktivt sogelag som arrangerer årleg Herøystemne med lokalhistorisk

utgangspunkt. Vi gir kvart år ut sogelagshefte og nyleg har vi gitt ut nye bygdebøker. Vi har difor ikkje kapasitet til å gi oss ut på eit nytt bokprosjekt på eiga hand, men med nysatsinga på Skotholmen som reisemål har vi eit stort ønske om å få bidra med å setje fokus på Skotholmen si historie og gjennom den også heile lokalsamfunnet si historie.

Prosjektmål

Vi ønskjer å få samla historia og ta vare på råmaterialet av intervju som vert gjort og ha ei samling av det som tidlegare har vore skrive om Skotholmen. I tillegg ønskjer vi å få formidla historia gjennom ei lettfatteleg bok som kan nå både lokalbefolkning og turistar. Med boka vil vi setje både Skotholmen og kommunen vår inn i ein større samanheng både når det gjeld handelsstadshistorie og krigshistorie. Boka vil i tillegg til å vere ny historieskriving og vere med på å skape sterkare identitet for herøyværingane og forståing for eiga historie. Med boka kan vi også vere med på å styrke reiselivet som også kanselje ei historieoppleving.

Det vil vere viktig for oss å få fram Herøy og Skotholmen si betydning når det gjeld handel på kysten gjennom fleire århundre. Herøy har ein sentral plass i krigshistoria og Shetlandsfarten mellom anna gjennom arbeidet som vart gjort på Skorpa. Denne delen av historia har det vore samla mykje stoff om og også gjenfortalt på mange ulike måtar. Skotholmen har også ei sterk krigshistorie - som er ukjent for dei aller fleste. Dette må vi få fram i lyset.

Forankring

Utarbeiding av ei lokalhistorisk bok og samling av historia om Skotholmen vil til hjelp i fleire satsingsområda som Herøy kommune legg opp til i sin kommuneplan. Eit av områda er barn, unge og identitetsbygging. Der kan ei slik bok og ei samling av Skotholmen sin historie som også fortel om Herøysamfunnet si utvikling brukast i undervisning og i privat samanheng. Kjennskap til og kunnskap om lokalhistorie vil også bygge identitet for vaksne.

Eit anna satsingsområde i kommuneplanen er kompetanse og næringsutvikling. Gjennom å samle historia til Skotholmen og utviklinga av Herøy vil reiselivsnæringa bli styrka gjennom at dei i endå større grad kan selje ei totaloppleving.

Prosjektorganisering

Herøy sogelag står som eigar av prosjektet og som utøvar av noko dugnadsinnsats. Det er knytt til innsamling av skriftleg materiale og historiske foto, noko vi har rikeleg erfaring med og eit stort nettverk som kan hjelpe oss. I tillegg har sogelaget mykje kompetanse knytt til korrekturlesing og oversetjing til tysk og engelsk.

Vi ønskjer å leige inn folk til innsamling-, skrivning og grafisk utforming.

Samarbeidspartnere

Til å gjere innsamlingsarbeid, intervju og skrivearbeid i tillegg til samarbeid med grafisk firma, vil vi hyre inn Torill Myren i Ekkoloddet. Ho har lang og brei erfaring som journalist, har høgskuleutdanning i historie og har nyleg skrive jubileumsbok til Klevenkonsernet som fyller 100 år i år.

Det grafiske arbeidet ser vi føre oss skal gjerast av Anne Ma Solheim i Cann. Ho har laga fleire bøker, mellom anna "Hav og himmel", boka om Per Sævik og Havila.

Aktiviteter

Boka må lagast ut frå både skriftlege og munnlege kjelder. Ein stor del av arbeidet vil vere å intervje folk som i ei eller anna form har jobba/budd/vore aktive på Skotholmen. Dette gjeld mellom anna

personar som var delaktige i motstandsaktiviteten under andre verdskrig. I tillegg må det samlast skriftlege kjelder og gjenforteljast frå desse.

Målgrupper

Boka skal ikkje bli noko faghistorisk oppslagsverk for spesielt interesserte. Gjennom skrivemåte og utforming ønskjer vi ei bok som når flest muleg og som vil vere interessant for folk i alle aldrar - og med alle slags adresser. Boka har sitt utgangspunkt i Herøy og vil difor vere mest interessant for folk i nærheita, men samtidig er Skotholmen si historie ei symbolhistorie for framveksten av Norge og vil difor vere interessant for fleire. Med omsetjing av samandrag til både tysk og engelsk vil boka også ha stor bruksverdi for turistar frå andre land i tillegg til at ho kan brukast som gaver til besøkande, både private og forretningsforbindelsar.

Resultat

Innsamling av munnleg materiale vil ha som verdi og resultat at dette er samla, nedskrive og teke vare på framtida.

Innsamling av skriftleg materiale vil ha som resultat at det som gjeld Skotholmen er samla ein stad og vil vere lettare tilgjengeleg for dei som spesielt er interesserte i Skotholmen, handelsstads- og krigshistorie.

Skriving, utforming og utgiving av boka vil ha som resultat at ein gjer historia lettare tilgjengeleg, aukar interessa og kunnskapen om lokalhistorie hos innbyggjarane, ein aukar interessa for sogelaget og styrkar næringsgrunnlaget for reiselivsnæringa som vil få lett tilgjengeleg og spennande lokalhistorie å fortelje om til sine besøkande.

Effekter

Resultata som vist over vil ha effekt på barn og unge i tillegg til herøyværingar flest sin identitet og tilknytning. I tillegg vil det auke kompetansen som eige nærområde og ha effekt på næringsgrunnlaget for dei som driv med reiseliv.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Oppstart innsamling av materiale: Desember 2015/januar 2016

Skriving: Januar-februar 2016

Korrektur/grafisk arbeid: mars-april 2016

Trykking og klargjering for sal: mai 2016

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Cann, grafisk utforming		150 000				150 000
Ekkoloddet, innsamling/skriving		106 250				106 250
Ekkoloddet, innsamling/skriving	106 250					106 250
Ekkoloddet, prosjektstyring		53 125				53 125
Foto	20 000	20 000				40 000
Sogelag, diverse arbeid	30 000	15 000				45 000
Trykking 1000 eksemplar		85 875				85 875

Sum kostnad	156 250	430 250	586 500
--------------------	----------------	----------------	----------------

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Dugnad sogelag	30 000	15 000				45 000
Herøy kommune	541 500					541 500
Sum finansiering	571 500	15 000				586 500

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Kostnadbokprosjekt.docx	14 026	12.10.2015

Firma	Oppgave		Kostnad	Evt moms	Sum
Cann	Design av bok, fotoredigering, produksjon		120.000	30.000	150.000
Ekkoloddet	Innsamling, intervju, skriving, prosjektstyring	Til saman 250 timar	212.500	53.125	265.625
Foto	Kjøp av gamle foto, foto av munnlege intervjuobjekt og nye foto av området		40.000	Ikkje momspliktig	40.000
Tinde trykk	Trykking av 1000 eksemplar		68.700	17.175	85.875
Sogelaget	Resarch skriftlege kjelder og jakt på munnlege kjelder, korrektur og omsetjing til tysk og engelsk	Til saman 150 timar a 300 kroner	Verdi på 45.000 kroner		



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1424
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
37/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. MOLTUSTRANDA GRENDAHUS.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på 50.000 kr til delfinansiering av renovering av grendahuset. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 1.b, 1.c og 3.a.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Moltustranda grengahus, Moltuvegen, 6076 Moltustranda
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi, her

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 24.11.15:

«Delfinansiering til renovasjon av grendahuset: 50 000,-
Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål
1.b, 1.c og 3.a.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 23.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr. 2015-0030 **Søknadsår** 2015 **Arkivsak**
Støtteordning Kommunalt næringsfond
Prosjektnavn Renovasjon av grendahus

Kort beskrivelse

Renovasjon av elektrisk anlegg 150 000. Utsifting av vindu heile frontvegg.

Prosjektbeskrivelse

Oppgradering av elektrisk anlegg vil kreve innleie av personell. Skifte av vindu vil skje på dugnad.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Moltustransa grendahus Org.nr:995696932	Moltuvegen 6076 MOLTUSTRANDA	91817938
Kontakt- person	Maron Sandvik	Moltuvegen 6076 MOLTUSTRANDA	91817938
Prosjekt- leder	Maron Sandvik	Moltuvegen 6076 MOLTUSTRANDA	91817938

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Moltustranda grendahus vart bygd som eit dugnadsprosjekt der bygdefolket gjekk inn med kjøp av andelar for å realisere bygging av huset. Grendahuset har i år 30 år's jubileum og et stort renovasjonsarbeid har vorte starta opp for holde bygninga vedlike. Kjøkkendel har blitt oppgradert med bygging av kjøleanlegg. Ytterdører har blitt skifta ut. Innvendig har det blitt pussa opp med maling av alle rom. Dusjanlegg har blitt oppgradert. Alle desse oppgraderingar har blitt utført gjennom dugnad frå bygdefolket og via innsamling av midler gjennom arrangemang.

Vi søker RDA midler då prosjekta som no ligg føre treng prekert vedlikehald og vil ikkje vil kunne realiserast berre gjennom dugnad og arrangemang. Utsifting av dei store vidua i frontvegg og oppgradering av det elektriske anlegget.

Vi håper på positivt svar og håper dykk ser nytteverdien i at vi jobbar for å holde Grendahuset i god stand

Prosjekt mål

Å ha et hus som er i god stand som kan nyttast til lokale arrangemang og aktivitetar.

Å fortsatt ha eit felles bygdehus som lokalbefolkninga kan vere stolte av.

Å fortsatt ha ein god møteplass for lokalbefolkninga som er tilrettelagt for alle aldersgrupper og funksjonsnivå

Forankring

Prosjektet er forankra i årsmøtegodkjenning til Grendahuset.

Huset vert nytta av mange lokale lag som Småbåtforeninga, Vannverket, Bygdelaget Moltustrandingen, Husmorlaget, Idrettslaget, Korpset.

Vert også nytta kommunalt av Moltu skule.

Prosjektorganisering

Leiar for styret i grendahuset Maron Sandvik har det organisatoriske ansvaret og leder arbeidet. Fleire nylege pensjonistar jobbar med vedlikehald på dugnad.

Samarbeidspartnere

Styret i grendahuset har den organisatoriske styringa av renovasjonsarbeidet. Som nevt tidlegare har mykje vedlikeholdsarbeid blitt finansiert ved hjelp av arrangemang og dugnadsarbeid.

Aktiviteter

Utskifting av dei store vindua i frontvekk 150 000

Renovering av elektriske anlegg 100 000

Målgrupper

Alle deler av lokalbefolkninga, alle aldersgrupper, alle funksjonsnivå.

Mange er med på dugnadsarbeid. Grendahuset vert lokalt sett på som eit felleseige .

Resultat

Vi forventar at oppgradering av nødvendige utbetringar vi gi eit grendahus som er i god stand for mange år framover. Resultatet vil vere målbart i den forstand at huset ikkje lenger står i fare for å få varig skade.

Når det gjelder oppgradering av det elektriske anlegget så vil en sjå resultat i form av reduserte straumrekningar som i dag er unormalt store.

Effekter

Om ikkje vinduer i front blir skifta ut vil huset stå i fare for skade og der igjen kreve eit enda dyrare oppgradering.

Det elektriske anlegget er 30 år gammalt og må oppgraderast. Alle lysarmatur skal skiftast ut for å hindre brannfare.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

1 februar planlegging ferdig og prosjektgruppe etablert

1 april oppsummering av arbeidet så langt, kva som skal til for å nå slutt mål

30 juni sluttrapport, prosjektet er fullført

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Elektrisk anlegg	100 000					100 000
Vindu	150 000					150 000
Sum kostnad	250 000					250 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Herøy kommune	250 000					250 000
Sum finansiering	250 000					250 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1501
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
38/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. BERGSHAUGEN VELFORENING

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på 50.000 kr til delfinansiering av Leikeplass til grendalaget. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 1.b, 1.c.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt

tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Bergshaugen Velforening, Bergshaugen 5, 6091 Fosnavåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi, her

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 24.11.15:

*«Leikeplass til grendalaget / delfinansiering: 50 000,-
Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål
1.b, 1.c.»*

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 23.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0040	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Søknad støttemidlar - Bergshaugen Velforening			

Kort beskrivelse

Bergshaugen Velforening vart stifta i oktober 2015 med det føremålet å etablere ein leikeplass som stimulerer til aktivitet og sosialt samver for bebuarane i byggefeltet på Bergshaugen i Fosnavåg. Sidan byggefeltet ligg ved Heid Tursti som er eit mykje brukt turområde for store og små, håper vi at alle brukarar av området kan ha glede av ein leikeplass.

Prosjektbeskrivelse

Hausten og vinteren 2015 har vi som mål å få grave ut og planere det 400m2 store arealet som er løyvd til føremål om leikeplass på Bergshaugen. Deretter kjem dugnadsarbeid med byggjing av gapahuk og aktivitetsløype i naturen. I neste rekkje kjem innkjøp av rekvisita som benkar, grillstyr og leikeapparat. Dette håper vi å få fullført i løpet av 2016. Målgruppa er vaksne og barn i alderen 0-12 år i Bergshaugen byggefelt med omland, i tillegg til brukarane av Heid Tursti. Vi ønskjer å skape eit aktivitetssområde med fokus på kvalitet og sikkerhet.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Bergshaugen Velforening Org.nr:916106629	Bergshaugen 5 6091 FOSNAVÅG	93617691
Kontakt- person	Linda Brekke	Bergshaugen 16 6091 FOSNAVÅG	93617691
Prosjekt- leder	Rolf-Henning Skrede Hide	Bergslibakken 4 6091 FOSNAVÅG	90111650

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Dei siste 10 åra har det vore stor byggjeaktivitet av bustader i Bergshaugen, der mange familiar med born har etablert seg. Vi ser derfor behovet for ein arena der både vaksne og barn i alle aldrar kan samlast for leik og sosialt samver.

Prosjekt mål

Målet er å starte arbeidet så snart som mulig i 2015, og deretter etablere en fullverdig leikeplass i løpet av 2016.

Forankring

Området vi har planer for er sett av i reguleringsplan til føremålet.

Prosjektorganisering

Styret har ansvar for organisering av prosjektet. Aktiviteten består av møtearbeid og dugnader.

Samarbeidspartnere

Lokale bedrifter ut i frå mottatt støtte.

Aktiviteter

Leik, sosialt samver, diverse arrangement/tilstelninger.

Målgrupper

Barn 0-12 år og vaksne i Bergshaugen byggefelt i Fosnavåg, alle brukarar av Heid tursti og Heidbana.

Resultat

Økt aktivitet blant barn, unge og vaksne. Betre sosialt miljø i lokalmiljøet.

Effekter

Helsegevinst for brukarane. Kan sørge for økt besøk av småbarnsfamilier til Heid Tursti.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Benkar	6 000					6 000
Fallsand	30 000					30 000
Fiberduk	10 000					10 000
Graving av tomt	100 000					100 000
Leikeapparat	45 000					45 000
Leikeapparat		75 000				75 000
Material til gapahuk	5 000					5 000
Sandkasse	4 000					4 000
Sum kostnad	200 000	75 000				275 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Andre støttemidler		70 000				70 000
Herøy kommune	200 000					200 000
Kontingent	5 000					5 000
Sum finansiering	205 000	70 000				275 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Søknad Bergshaugen Velforening.pdf	473 844	29.10.2015



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/616
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
39/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. FOSNAVÅG ROCK 2016.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 350.000,- til marknadsføring og gjennomføring av Fosnavåg Rock 2016. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 1.b, 1.c, 2.a og 2.c.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt

tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Fosnavåg Rock 2016, Grusholvegen 6, 6091 Fosnavåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi

Vedlegg:

- Søknad.

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum har kome med slik innstilling i møtet 24.11.15:

«Marknadsføring og gjennomføring: 350 000,-

Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 1.b, 1.c, 2.a og 2.c.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 27.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2016-0009	Søknadsår	2016	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Fosnavåg Rock 2016			

Kort beskrivelse

Initiativet til Fosnavåg Rock er forankra i ønsket om å skape gode opplevingar i ein by som er i sterk vekst og utvikling. Festivalen som ligg i den flotte byen på Sunnmøre, satsar på å gje publikum ei festival-oppleving denne helga med hovudfokus på musikk. Fosnavåg Rock er ikkje berre ein rockefestival, men eit fenomen som har til hensikt å skape identitet og bulyst ute i havgapet. Vi ønsker at dette vil inspirere og bidra til positivt eigarskap til den flotte kommunen som vi bur i.

Prosjektbeskrivelse

Prosjektet er et kulturarrangement med målsetting om å sette Fosnavåg på kartet, og tiltrekke seg publikum fra andre kommuner og nærliggende regioner. I tillegg skal festivalen skape identitet og bulyst i kommunen. Vi vil vise frem hva kommunen vår har å by på, som for eksempel et fantastisk næringsliv, samarbeid mellom kommune og næringsliv og ikke minst en fantastisk natur.

Målgruppen i festivalen er musikkinteressert publikum i alle aldrer, og det legges spesielt vekt på å skape en god og trygg atmosfære for yngre festivaldeltakere og hele familien. Artistvalget har som målsetning at alle aldersgrupper vil finne festivalen interessant. I tillegg ønsker vi å skape en arena for lokale og regionale yngre artister til å vise seg frem.

Vi tar sikte på å avslutte det hele med et felleskirkelig arrangement der også musikk og kultur vil spille en vesentlig rolle.

Fosnavåg Rock ble arrangert i 2014, 2015 og arrangeres også i 2016.

Festivalen er planlagt arrangert siste helga i juni (24-25 juni) i samband med Fosnavågsveka.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Fosnavåg Rock Org.nr:913100662	Grusholvegen 6 6091 FOSNAVÅG	-
Kontakt- person	Frank-Levi Kvalsund	Grusholvegen 6 6091 FOSNAVÅG	91751258
Prosjekt- leder	Frank-Levi Kvalsund	Grusholvegen 6 6091 FOSNAVÅG	91751258

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Festivalen har mottatt RDA midler i 2014 og 2015

Spesifikasjon

Bakgrunn

Initiativet til Fosnavåg Rock er som nevnt tidligere i søknaden forankra i ønsket om å skape gode opplevingar i ein by som er i sterk vekst og utvikling. Festivalen som ligg i den flotte byen på Sunnmøre, satsar på å gje publikum ei festival-oppleving denne helga med hovudfokus på musikk.

Fosnavåg Rock er ikkje berre ein rockefestival, men eit fenomen som har til hensikt å skape identitet og bulyst ute i havgapet. Vi ønsker at dette vil inspirere og bidra til positivt eigarskap til den flotte kommunen som vi bur i.

Prosjekt mål

Å sette Fosnavåg på kartet i enda større grad enn det allerede er.

Å skape identitet og gode opplevelser for de som bor i kommunen.

Å vise frem Fosnavåg til besøkende fra fjern og nær.

Å drive en festival på en økonomisk bærekraftig måte slik at denne kan bli en årlig tradisjon. Vedtektene i selskapet sier at organisasjonen er en non profit organisasjon, og evt fremtidige overskudd skal gå til fremtidige kulturarrangement i kommunen.

Å skape en trygg festival for alle deltakere

Vi mener at dette er innenfor målestningen til RDA-midler og at festivalen vil bidra til kommunal og regional utvikling.

Forankring

Erfaringen fra gjennomføring i 2014 og 2015 viste at næringsliv og kommune viste en fantastisk god vilje og støttet opp om festivalen. Næringslivet bidra med økonomisk støtte og kommunen bidro med støtte til opparbeiding av festivalområde og viste stor velvilje til å gi de nødvendige tillatelser til gjennomføring. I 2016 forventer vi mindre støtte fra næringslivet pga krevende tider i maritim bransje.

Publikum og frivillige viste også et stort engasjement, og ikke mindre enn 200 meldte seg til frivillig arbeid før og under arrangementene.

Totalt sett opplever vi sterk forankring for festivalen, og et ønske om at denne skal arrangeres i årene fremover.

Prosjektorganisering

Frank-Levi Kvalsund er festivalsjef. Han har et overordnet ansvar for festivalens gjennomføring. Prosjektleder har mange års erfaring fra ledende stillinger i norsk og internasjonalt næringsliv. I tillegg har han erfaring fra kultur og musikkbransjen.

Prosjektet er videre organisert med ansvarlige innefor områdene økonomi, salg/markedsføring, vakt/sikkerhet, teknisk, områdeleder, artistbooking, artistoppfølging og

presse/kommunikasjonsansvarlig.

Disse områdene allokere totalt sett 150-200 frivillige personer som primært kommer fra Herøy kommune.

Samarbeidspartnere

Lokalt næringsliv har vært og er en vesentlig samarbeidspartner. Disse har bidratt med betydelige sponsormidler og tjenester foregående år. Vi forventer en betydelig reduksjon i denne støtten for festivalen 2016.

Aktiviteter

Aktiviteter er å etablere styret for festivalen som skal gjennomføre periodiske møter med definerte handlingsplaner med milepæler.

De ulike ansvarlige for områder tidligere nevnt gjennomfører gruppemøter med aktivitetsplaner og milepæler for sine områder.

Planleggingsfasen fra 1. oktober til 24. juni har følgende hovedaktiviteter:

- Salg av konseptet til samarbeidspartnere: næringsliv og kommune
- Utarbeide salg/markedsplan og iverksette denne
- Egen artistgruppe booker artister
- Avtaler med vesentlige leverandører signeres. Herunder lyd/lys/infrastruktur/transport
- Økonomistyring er en vesentlig del av hele prosessen og kostnadene vil tilstrebes å holdes så lave ve som mulig. Regnskap settes opp i etterkant av festivalen ihht norsk lov. Regnskapet er revidert
- I starten av juni starter rydding og klargjøring av området
- Uken før festivalen rigging av teknisk utstyr
- I perioden 24. til 27, gjennomføres festivalen
- Etter det er det nedrigg og opprydding
- Evaluering, rapportering og etterarbeid er siste aktivitet

Målgrupper

Alle musikkinteresserte i Herøy og i regionen,

Vi legger spesiell vekt på å skape en trygg og god festival for publikum i alle alder, og inkluderer barn og unge gjennom å skape en samhandling med Fosnågveka. Tanken er å utnytte anlegget til Fosnavåg Rock og gi og få synergier til resten av Fosnavågveka. Dette skaper rom for gratisarrangement (folkefest) til publikum på dagtid

Resultat

Det øverste resultatmålet er å skape gode opplevelser og bulyst for folk som bor i kommunen, og potensielle tilflyttere. I tillegg ønsker vi å vise frem Fosnavåg til folk fra andre kommuner, nærliggende regioner og gi folk lyst til å komme tilbake.

Videre må festivalen gjennomføres på en økonomisk forsvarlig måte som danner grunnlaget for drift av fesitvalen fremover.

Effekter

Dersom vi gjennomfører en festival i henhold til målene skaper vi stolte innbyggere og tilreisende som åpner opp øynene for hva Fosnavåg har å tilby. Herunder hotel, badeland, simulatorsenter, kulturhus med mye mer.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Planleggingsfasen i festivalen har allerede begynt. De ulike gruppene ble konstituert høsten 2015 . Artistbooking har pågått siden januar 2016, og kontrakter med vesentlige leverandører vil bli tegnet. Dette arbeidet er allerede snart på plass.

Det blir jobbet med å få sponsorstøtte. Dette pågår kontinuerlig..

Samarbeidspartnere til infrastruktur og logistikk bør være på plass innen 1. mai.

Markedsføring/salg ble påbegynt før nyttår og vil bli arbeidet med helt frem mot festivalen.

De nødvendige søknader om bruk av parken er sendt og vi har fått godkjenning.

Selve festivalen arrangeres 24. - 26. juni og arbeidet med anlegget i Parken påbegynnes i starten av juni.

Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Andre kostnader	200 000					200 000
Artister	650 000					650 000
Regnskap / Revisjon	25 000					25 000
Reklame / Profilering	150 000					150 000
Scene og Lyd	450 000					450 000
Strøm inkl installasjon	70 000					70 000
Telt	50 000					50 000
Toaletter	60 000					60 000
Transport overnatting	100 000					100 000
Vaktselskap	50 000					50 000
Sum kostnad	1 805 000					1 805 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Billettinntekter	1 300 000					1 300 000
RDA midler	350 000					350 000
sponsorinntekter	155 000					155 000
Sum finansiering	1 805 000					1 805 000

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/600
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
40/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. SÆTREVEGEN.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekome søknaden.

Komiteen oppmodar Sætrevegen prosjektet til å kontakte kulturavdelinga i Herøy kommune om også andre midlar til dette prosjektet / arbeide meir med finansieringsplanen.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Gerhard-Johan Tjervåg, Sandvika Vel 50, 6070 Tjørvåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi, her

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

«Styret oppfordrer Sætrevegen prosjektet til å kontakte kulturavdelinga i Herøy kommune og søke spelemidler til dette prosjektet / arbeide meir med finansieringsplanen først. Det vart ikkje sett av midlar til dette prosjektet.»

I F-sak 51/12 vart det løyvd 100.000 kr til Skaravegen innsida/Sætrevegen. Dette beløpet er utbetalt.

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 26.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2014-0036	Søknadsår	2014	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Sætrevegen			

Kort beskrivelse

Utbetaling av tidlegare tildelte midlar som ikkje var nytta og tilbakebetalt til Herøy kommune, kr. 75 000,- samt 25 000,- som ikkje vart utbetalt. jmf. F-sak 51/12. Opparbeiding og renovering av Sætrevegen kr. 300 000,-.

Prosjektbeskrivelse

Få vegen i stand slik at både Rullestol brukarar og folk med rullator kan bruke den, ellers får ein ein turveg for alle. Og vissrt uhellet skulle vere ute, kan nødetatane komme fort fram (2015).

Skule, idresslag og andre grupper kan bruke vegen til trim/ tur slik som før, men på ein betre måte.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Tjervåg, Gerhard-Johan Org.nr:33000050720	Sandvika Vel Tjørnvåg 50 6070 TJØRVÅG	91384851
Kontakt- person	Gerhad-Johan Tjervåg	Sandvika Vel Tjørnvåg 50 6070 TJØRVÅG	91384851
Prosjekt- leder	-	-	-

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

F-SAK 51/12 innvilga kr. 100 000,- som ikkje vart nytta, men tilbakebetalt.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Økt frilutftsaktivitet - folkeshelse! Vedlikehald/ oppretthalding av gamal sæterveg, ta vare på kultur. Oppretthalde aktivitet i nærmiljø og bevaring av kultur.
Hovedprosjekt.

Prosjektmål

Økt frilutftsaktivitet - folkeshelse! Vedlikehald/ oppretthalding av gamal sæterveg, ta vare på kultur. Oppretthalde aktivitet i nærmiljø og bevaring av kultur.

Prosjektet vert gjennomført ved blandt anna faste oppsette dugnadsdagar.

Forankring

Dette er einaste vegen for å kome til Sætra. Området ligg i dag i

kommuneplan og vil fortsatt nyttast til Friluft. Vegen er i dag nytta av både skule og idrettslag.

Prosjektorganisering

Prosjektleiara Gerhard-Johan Tjervåg og Hjalmar

Samarbeidspartnere

Herøy kommune.

Aktivitetar

Opparbeiding/ vedlikehald sætreveg

Målgrupper

Alle

Resultat

Auka frilufta aktivitet

Auka tilkomst utmark

Effekter

Auka frilufta aktivitet

Auka tilkomst utmark

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Opparbeiding av tidlegare/ eksisterande veg. Opparbeidinga består av grusing, grøfing/ drenering, hogging. Litt avhengig av tilgjengeleg maskiner og veret.

Juli - planlegging

August -14 - mai 15 arbeidet gjennomførast

Juni - 15 sluttførast.

Kostnadsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
- 400 000,-	200 000	200 000				400 000
Sum kostnad	200 000	200 000				400 000

Finansieringsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
Herøy kommune	200 000	200 000				400 000
Sum finansiering	200 000	200 000				400 000

Geografi

1500-Møre og Romsdal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/1505
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA-MIDLAR. SUNNMØRSJEKTA ANNA OLAVA.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på 150.000 kr til rehabilitering av Sunnmørsjekta "Anna Olava". Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 1.c, 2.a.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det fondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt

tilbakebetaling.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Herøy kystmuseum, Herøy gard, 6070 Tjørnvåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi, her

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysninger:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 24.11.15:

*«Sunnmørsjekta "Anna Olava" rehabilitering: 150 000,-
Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål
1.c, 2.a.»*

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 23.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Søknad

Søknadsnr.	2015-0032	Søknadsår	2015	Arkivsak
Støtteordning	Næringsretta midlar til regional utvikling (RDA)			
Prosjektnavn	Rehabilitering av Sunnmørsjekta "Anna Olava"			

Kort beskrivelse

I regi av Herøy Kystmuseum og Stiftinga Sunnmørsjekta vart det i 1999-2000 bygd ein kopi av ei Sunnmørsjekt. Jekta ber namnet "Anna Olava" og er stasjonert ved Herøy Kystmuseum. Den har vore brukt i formidling og til turar og arrangement. Herøy kommune eig jekta, og ansvar for vedlikehald og drift ligg til eigarstyret for kystmuseet.

Grunna motorhavari og skader på skrog, samt manglande ressursar til igangsetting, har jekta ligge på land sidan oktober 2011.

Prosjektbeskrivelse

Eigarstyret ved Herøy Kystmuseum har sett seg som mål å rehabilitere jekta slik at ein på nytt kan nå formålet om synleggjering i forhold til kultur, oppleving og reiseliv.

Arbeidet er planlagt gjort ved hjelp av profesjonelle leverandørar på båtmotorar samt bygging og rehabilitering av historiske båtar.

Drift og vedlikehald av jekta er eigarstyret sitt ansvar og driftsbudsjettet skal vere innanfor eit sjølvfinansierende prinsipp. For å sikre at ein har nok ressursar til dette arbeidet ynskjer eigarstyret å etablere ei veneforeining til jekta. Denne er tenkt å ha det daglege arbeidet med drift og vedlikehald av "Anna Olava", samt bidra i utviklinga av korleis jekta kan nyttast framover.

Langs kysten er det mange museum, stiftingar o.a. som driftar og vedlikeheld historiske båtar. Styret meiner at det vil vere nyttig å gjennomføre studietur til eit anna museum/lag for erfaringsutveksling og nettverksbygging.

Etter kvart har styret som målsetjing å byggje eit jektenaust for ivaretaking av båten når den ikkje er på sjøen.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Herøy kystmuseum Org.nr:982451167	Herøy gard 6070 TJØRVÅG	95456945
Kontakt- person	Eileen Gjerde	Rådhusgata 5 6090 FOSNAVÅG	95456945
Prosjekt- leder	Tor Sindre Steinsvik	Rådhusgata 5 6090 FOSNAVÅG	97077209

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Bakgrunn:

I regi av Herøy Kystmuseum og Stiftinga Sunnmørsjekta vart det i 1999-2000 bygd ein kopi av ei Sunnmørsjekt. Dette er ei av jektetypane ein fann langs kysten, truleg frå middelalderen og til slutten av syttenhundretalet.

Etter funn av gamle båtbord i ei sjøbod på Håkonsholmen i Ulstein, samt teikningar og tekst frå Hans Strøm sine bøker "Søndmørs Beskrivelse", vart Sunnmørsjekta rekonstruert. Skipsingeniør Saxe Bjørkedal og professor dr.philos Arne Emil Christensen stod for arbeidet med å bygge kopien av den 47 fot lange jekta. Prosjektet vart finansiert gjennom ulike sponsorar, tilskotsytarar og personlige aksjar.

Sunnmørsjekta har sidan bygginga primært vore stasjonert ved Herøy Kystmuseum. Museet har som målsetting å vise ein handelsstad på kysten frå sytten/attenhundretalet og jekta har vore brukt i formidling og til turar og arrangement.

Stiftinga Sunnmørsjekta er avvikla og Herøy kommune er eigar av "Anna Olava". Ansvar for vedlikehald og drift av ligg til eigarstyret for Herøy Kystmuseum.

Grunna motorhavari og skader på skrog, samt manglande ressursar til igangsetting, har jekta ligge på land sidan oktober 2011.

Prosjekt mål

Hovudmål:

Innan utgangen av 2016:

1. Rehabiliterer Sunnmørsjekta "Anna Olava"
2. Etablere veneforeining
3. Auke kompetansen på drift og vedlikehald av historiske båtar

Hvordan skal vi vite om vi når målene?

Havet har vore ein viktig ferdselsåre for Norge til alle tider. Kulturminner og landskap langs kysten vitnar om menneska sitt liv og virke gjennom fleire tusen år. Boplassar frå førhistorisk tid, fiskebruk, fiskeredskapar og foredlingsanlegg, fyrstasjonar, naust, hamneanlegg og brygger er alle kulturminner. Videre er det kulturminner knytt til lostjenesten og ulike navigasjonshjelpemidlar. Eit tilskot til prosjektet gir varig positiv effekt ved å bidra til å nå måla om vern og forvaltning av kulturminner og kulturmiljø, ved å ta vare på ein ressurs som ikkje er fornybar, og som utgjer ein viktig del av vår heilhetlege miljø- og ressursforvaltning.

Forsking på kultur i brei forstand viser at "alle som konsumerer kultur i ein eller annan form opplever betre helse, er meir tilfreds med livet sitt og har mindre førekomst av angst og depresjon, sammenlikna med folk som ikkje er opptekne av kultur" (Helseundersøkelsen i Nord-Trøndelag).

Forankring

Prosjektet er forankra i:

1. "Justert avtale mellom Herøy kommune og eigarstyret for Herøy kystmuseum"

Pkt. 2: "Herøy kommune er eigar av Sunnmørsjekta "Anna Olava" som skal vere knytt til eigedommen en Herøy gard. Formålet med å kjøpe jekta, er at den vert verande i kommunen og synleggjort i forhold til kultur, oppleving og reiseliv."

Samt pkt. 4 og 6.

2. "Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Samfunnsdel".

Folkehelse; Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga sin helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom m.v.
- Kompetanse og næringsutvikling; "Satse på miljøvenleg turismeretta næring".

Barn, unge og identitetsbygging; "Legge til rette for at born og unge får informasjon om Herøy si si fortid og notid og etablere ei identitetskjennele til kommunen".

I tillegg er det sett i gong reguleringsarbeid for Herøy gard med tilgrensande eigedomar. Formålet med planarbeidet er å leggje føringar for den vidare utviklinga av øya Herøy og holmane rundt, sett i ein nasjonal, regional og lokal samanheng.

Styret håpar at reguleringsarbeidet skal leggje til rette for etablering av bl.a. jektenaust.

Prosjektorganisering

Prosjekteigar og styringsgruppe er eigarstyret for Herøy Kystmuseum.

Prosjektleder er styreleder Tor Sindre Steinsvik.

Han har erfaring frå drift av kystmuseet samt ulike kulturprosjekt gjennom mange år.

Prosjektleder rapporterer fast i styringsgruppa sine møter (ca. 6 ggr. per år).

Rehabiliteringa skal primært utførast av profesjonelle med kompetanse på båtmotorar og trebåtar. I tillegg vert prosjektet styrka med kompetanse frå Stiftinga Sunnmøre Museum, samt andre museum med erfaring frå utvikling og drift av veneforeiningar og historiske båtar.

Samarbeidspartnere

- Stiftinga Sunnmøre Museum: Kompetanse på rehabilitering, vedlikehald og drift av historiske båtar.
- Herøy kommune, kulturavdelinga: Etablering av veneforeining.

Andre museum/stiftingar/lag og foreiningar: Kompetanse på rehabilitering, vedlikehald og drift av av historiske båtar.

Andre finansieringsmoglegheiter:

- Det er gjort avtale om bidrag frå private sponsorar.
- Det vert vurdert å innføre medlemsavgift i veneforeininga.
- Grunna Herøy kommune sin krevjande økonomiske situasjon er det ikkje søkt om midlar ut over kommunen sitt årlege bidrag til drift av museet.

Aktiviteter

1. Rehabilitering Sunnmørsjekta "Anna Olava".

Tilskotet skal nyttast til materiell og arbeidskostnader for: skifte av gir, overhaling av motorar,

oppgradering av det elektriske anlegget, skifte av mast, reparasjon av innved (bete, fortøyningspullert m.m.)

Arbeidet skal utførast av profesjonelle med kompetanse på båtmotorar samt bygging og rehabilitering av historiske trebåtar.

2. Etablere veneforeining ved kystmuseet.

I samarbeid med kulturavdelinga er det sett i gong eit arbeid for auka aktivitet på staden med mål å styrke omdømet, omtalen og tilbodet ved museet spesielt og garden generelt. Målet er at fleire skal få eit forhold til staden og aktivitetane, samt ynskje å bidra som friviljuge i veneforeninga. Ei veneforeining vil ha både eit sosialt - og fagleg fokus.

3. Auka kompetansen på drift og vedlikehald av historiske båtar.

Kostnader vil omfatte tilskot til studietur til ei gruppe som driv ei samanliknbar satsing annan stad langs kysten. Målet er erfaringsutveksling, kompetanseheving og nettverksbygging.

Tiltaket skal bidra til å styrke kompetansen til friviljuge på rehabilitering, vedlikehald og drift av historiske båtar.

Målgrupper

- Skuleelevar lærer om båthistorie og å segle jekta som del av skuleformidling.

Besøkande (pilegrimar, bedriftstilsette, turistar, lag og foreiningar, andre) på museet og ved ulike ke arrangement på staden som lærer om båthistorie og å segle jekta.

- Personar som kan eller ynskjer å lære om båthistorie og å segle jekta, samt kan bidra i drift og utvikling av båten (veneforeining).

Resultat

1. Rehabiliter Sunnmørsjekta "Anna Olava".

- Båten er reparert og seglingsdyktig.

2. Etablere veneforeining.

Friviljug gruppe som bidreg med nødvendige ressursar til drift og utvikling av jekta.

3. Auke kompetansen på drift og vedlikehald av historiske båtar.

Friviljuge får motivasjon og inspirasjon, samt auka kompetanse og nye nettverk knytt til arbeidet.

Effekter

1. Rehabiliter Sunnmørsjekta "Anna Olava".

- At jekta kan nyttast til formålet.

- Forventa lavare vedlikehaldskostnader i åra som kjem.

2. Etablere veneforeining.

- Organiserer seg og arbeider etter ein avtalt plan for å sikre førutsigbar og god drift av jekta.

- Ein sosial og fagleg arena for friviljuge der medlemene trives og kjem att gong etter gong.

3. Auke kompetansen på drift og vedlikehald av historiske båtar.

- Felles utgangspunkt for arbeidet.

- Bidrag til å nå målet om at jekta skal driftast etter eit sjølvfinansierande prinsipp.
- Nettverk å drøfte - og søke råd med.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Nov -15 til Jan -16:

- Tilbod på arbeid knytt til rehabiliteringa
- Val av tilbydarar på rehabilitering
- Rekruttering av frivillige til veneforeining

Feb til april -16:

- Rehabilitering av jekta
- Etablering av veneforeining
- Planlegging og gjennomføring av besøk til anna veneforeining
- Planlegging av aktivitetar som jekta skal nyttast til i perioden mai - sept -16

Mai til sept -16:

- Sjøsetting av jekta
- Kultur, oppleving og reiselivsaktivitetar ved bruk av jekta
- Drift og vedlikehald av jekta
- Drift av veneforeining

Okt til des -16:

- Vinterlagring og vedlikehald av jekta
- Etablere drift- og vedlikehaldsplan for jekta
- Planlegging av aktivitetar som jekta skal nyttast til i -17
- Utarbeide handlingsplan og budsjett for jekta -17
- Drift av veneforeininga
- Utarbeide handlingsplan og budsjett for veneforeininga

Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Diverse		10 000				10 000
Kompetanseheving		50 000				50 000
Rehabilitering båtkonstruksjon		100 000				100 000
Rehabilitering motorar/el.anlegg		140 000				140 000
Sum kostnad		300 000				300 000

Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Herøy kommune	280 000					280 000
Sponsormidlar		20 000				20 000

Sum finansiering	280 000	20 000	300 000
-------------------------	----------------	---------------	----------------

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/685
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
42/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM RDA- MIDLAR. JENSHOLMEN NORD.

Tilråding:

Komite for næring kultur og idrett kan ikkje imøtekome søknaden.

Komiteen oppfordrar Jensholmen Nord til å arbeide med alternativ finansiering for å slutføre denne flotte båthamna. Det vert ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Komiteen ser heller ikkje at dette er eit breitt nok/allmennyttig nok prosjekt å innstille RDA- midlar til.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka

Særutskrift:

- Jensholmen Nord v/Kåre Jensholm, 6070 Tjørvåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi, her

Vedlegg:

- Søknad

Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

«Styret oppfordrer Jensholmen Nord til å arbeide med alternativ finansiering til å slutføre denne flotte båthavna. Det vert ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Styret ser heller ikkje at dette er eit breidt nok /allmenyttig nok prosjekt å innstille RDA midlar til.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Fosnavåg, 12.05.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

JENSHOLMEN NORD

v/ Kåre Jensholm

6070 TJØRVÅG

HERØY NÆRINGSFORUM

6090 FOSNAVÅG

I retningslinene for Næringsretta midlar for regional utvikling (RDA) står det :

- 1: Handlingsplan for midlane skal være tilstrekkelig forankra i det lokale næringslivet.
- 2: Midlane skal gå til tiltak som gir varige positive effektar for regionen og næringslivet, og ta utgangspunkt i dei langsiktige utfordringane i dei aktuelle områda.
- 3: Tiltaka skal i størst mogleg grad vere i samsvar med lokale planverk for nærings- og samfunnsutvikling.
- 4: Samarbeid på tvers av regionar og kommunar er ønskelig.
- 5: Midlane kan nyttast både til bedriftsretta tiltak og til generelle tilretteleggande tiltak.
- 6: Midlane kan brukast til ei rekke tiltak innan ulike sektorar for å gjere næringslivet meir konkurransedyktig og lønsamt.
- 7: For tilretteleggande tiltak kan RDA-midlar nyttast som einaste finansieringskilde.

Som Dere er kjendt med , så planlegger eg Sunnmøres største båthamn. Denne skal være åpen for alle. Alle får eige plassen sin og selger eller gir vekk fritt, ingen har forkjøpsrett. Her er plass til om lag 350 båter. Her er godkjendt reguleringsplan.

Moloene er viktig i denne samanheng. Det er planlagt steinmolo frå Jensholmen og mot dei små skjera mot Røyrasundet – derfrå flytande molo mot enden av Blankholmen. På skjera er det planlagt bensin/dieselfylling. Den flytande moloen vil også fungere som gjestebrygge.

Komplett steinmolo er kostnadsrekna til om lag 4 mill. eks. mva. Flytande molo kjem på om lag 3,2 mill. eks. mva.

Eg har ein tanke om at moloene skal være offentlig tilgjengelig for alle , ikkje berre båteigarane, men alle andre. Spesielt for eldre , bevegelsehemma og rullestolbrukarar som kan kome seg midt ut i Røyrasundet for å fiske eller sjå på båttrafikken som går forbi.

Båtforeninga tek på seg kostnaden og vedlikehaldet av den flytande moloen. Dei framtidige bryggeigarane vil ta kostnaden med det flytande anlegget. Vi som familie har ikkje økonomiske fordeler av dette molo prosjektet, vi gir fri grunn til moloen og landfesta for bryggene.

Hamna vil tilføre regionen båtplasser i lang tid framover, det bor over 40000 menneske innan en halvtimes kjøretur. For Herøy Kommune er det viktig å få folk til å flytte til og få andre til å flytte tilbake. Båtplassen kan være det som avgjer valget.

Heile hamna er kostnadsrekna til 30 million kroner, der moloane utgjør om lag 9 million.

Hamna vil styrke grunnlaget for mange bedrifter i regionen, det kan være base for salg av båter og båtutstyr og ikkje minst for Lanternen A/S, kundegrunnlaget her vil øke betraktelig.

Det søkes hermed om 5 million kroner til realisering av steinmoloen. Eg er åpen for at moloen kan være kommunal eiendom, i så fall kan kanskje merverdiavgifta på 1 million sjåast bort frå.

Hvis dette innvilges, så vil alle få billegare båtplass. Grunnkostnadene må betalast uansett.

Tjørnvåg den 10. Oktober 2012.

For Jensholmen Nord

Kåre Jensholm

HERØY NÆRINGSFORUM

Ang. søknad frå Jensholmen Nord.

Dette blir Sunnmøres største og kanskje finaste småbåthamn. Søknaden går på 50 % finansiering av flytande og fast molo. Sjølve bryggene blir finansiert av medlemmane 100 %. Vedlikehold av den flytande vert tatt av Jensholmen Nord.

Herøy Kommune har båt plassar å tilby til folk som vil flytte hit iallfall i dette tiåret. Hamna er godkjendt for 400 plassar.

Familien Jensholm har gitt fri grunn til moloen.

Søknaden har vore oppe i næringskomiteen i kommunen i 2013. Dei gikk inn for den, men der var då ikkje midler til disposisjon. Det har også vore sjekka i fylket om slike tiltak er støtteberettiga, det er det. Kan nemne at Sande Kommune har gitt 1,5 mill. til hamn i Haugsbygda av ei bevilgning på 4 mill.

For at hamna skal ha full funksjon, så må denne flytande moloen kome. Der er stor sjø frå båtar som går sydover.

Alle småbåteigarar i Ytre-Herøy har kommt gratis til hamnene med sine brygger etter søknad til Kystverket.

Hotellet har fått sin gjestebrygge 100 % finansiert av RDA-midler.

Kystlaget har fått 100 % finansiering på bryggene i sentrum av samme.

Runde hamn har fått sin brygge 100 % finansiert av samme.

Kvalsvik har fått 150000 til sin brygge.

Planen er at med tilskot så blir moloane åpne for publikum til fising etc. Moloane blir tilrettelagt for funksjonshemma. Den flytande blir levert av Astorplast, der blir gjestebrygge med lys og vatn. Der blir også rekkverk på eine sida.

Utan tilskot så blir arbeidet no stansa og det blir ikkje utlagt meir brygger og området blir sperra.

Totalkostnad molo-prosjekt, flytande og fast: Kr 10.000.000

Fast molo, utført til no :	Kr 5.000.000
Asfalt og kantvern fast molo, ikke utført:	Kr 900.000
Flytande molo, Astorplast:	Kr 3.600.000
Fortøyninger, flytande:	Kr 500.000
Tilsaman :	Kr 10.000.000

Finansiering :

Familien Kåre J. - betalt	Kr 2.500.000
Jensholmen Nord - betalt	Kr 2.500.000

RDA-midler Kr 5.000.000

Alle summer inkl. mva

Total lengde moloer er over 400 meter.

Vedlikehold flytande molo blir utført av Jensholmen Nord.

All flytande innstallasjon – båtbyggene - , utenom flytande molo, blir betalt 100% av bryggeeigarane.

Hamna godkjendt for 400 plasser. På sørsida er det idag 150 plasser. Det blir Sunnmøres største hamn.

Pr. idag solgt 55 plasser, derav 4 fiskesjarker.

YX-Fosnavåg klar til å investere 2 mill. kr hvis flytande molo kjem på plass. Tipp topp moderne anlegg for vatn, bensin og diesel.


Moloane blir åpne for alminneleg ferdsel. Handikaptilpassa.

40000 mennesker innen en halvtimes kjøretur. Nok båtplasser i Herøy 10 år framover.

Rimelege båtplasser for folk flest, frå 75000 kr. Kjøper eig plassen, ingen forkjøpsretter.

Mvh Kåre Jensholm

<2094-Skisse-Hamnebasseng.pdf>



TILAKSHAVAR:

Lanternen AS

elmsy mwp,

2094 - Lanternen
Prinzippskisse

AG Plan og Arkitektur AS

Besøksadresse : Webjørn Svendsengt. 12,
 Postadresse : Webjørn Svendsengt. 12, 6150 Ørsta
 Tlf. 70 06 16 00

Tlf. 70 06 16 00
E-post: firmapost@agplan.no

arkitektbedriftene



SIGNATURE	FLUAMIN
-----------	---------

11500

TEKNA:	KONTROLL:
--------	-----------

JBL

TEKNIKNUMMER:

2094-101

Reportering eller bruk av disse teikningane er forbudt uten skriftlig samtykke



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/53
		Arkiv:	T77

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
43/16	Komite for næring, kultur og idrett	23.05.2016

SØKNAD OM OMDISPONERING AV RDA-MIDLAR.

Tilråding:

Komite for næring, kultur og idrett ber styret i Herøy Næringsforum om på nytt å vurdere søknaden om at RDA-midlane, løyvde i F-sak 47/11, til fiber Remøy, vert omdisponerte til fiber til kommunale kontor på NAV.

Særutskrift:

- Rådmannen, her
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Økonomi, her

Saksopplysningar:

I F-sak 47/11 vart det løyvd 218.000 kr til fiber til Remøy. Det viser seg i etterkant at det ikkje var behov for tilskotet for å bygge denne fiberen.

14.03.15 søkte eg Herøy Næringsforum om å få omdisponert dette beløpet til fiber til NAV som no er einaste kommunale arbeidsplass utan fiber.

Styret i Herøy Næringsforum kom med slik innstilling i møtet 18.03.16:

*«Spørsmål frå kommunen om å omdisponere ledige fibermidlar frå utbygginga på Remøya til no å gjelde for NAV Herøy si fibertilkobling.
Styret diskuterte saka og innstilte at midlane heller bør gå tilbake til ledige midlar for andre infrastruktur søknadar, enn å finansiere NAV.»*

Herøy kommune har samarbeidd med Tussa/Mørenett om utbygging av fiber der ein har henta ut tildels store statlege tilskot. I dag har dei alle fleste tilgang til fiber, så vel private som næringsliv og kommunale bygg. Det som gjenstår av bygg med kommunale arbeidsplassar utan tilgang til fiber, er NAV.

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding om å be Herøy Næringsforum på nytt å vurdere søknaden om at RDA-midlane, løyvde i F-sak 47/11 til fiber Remøy, vert omdisponerte til fiber til kommunale kontor på NAV.

Fosnavåg, 27.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann